

HARDANGER OG  
VOSS MUSEUM

# Årsmelding 2023



Thomas Tveit Bakketun på UngOsa. Foto: Elisabeth Emmerhoff



## Nøkkeltal 2023

	2023	2022	2021	2020	2019
Besøk	58064	57 691	36 745	30 382	63 185
Gjenstandar	52610	52 352	52 281	52 180	51 973
Foto	94785	94 604	94 604	94 604	94 604
Kulturhistoriske bygg	135	135	133	133	133
Verna fartøy	4	4	4	4	4
Publikasjonar	9	13	5	6	4
Utstillingar	34	35	25	26	34
Arrangement, konsert mm)	100**	306	257	71	329
Driftsinntekter*	76 871	68 122	62 608	61 543	55 057
Årsresultat*	580	-867	389	3 550	-1 212
Eigenkapital*	17 562	15 082	15 949	15 560	12 010
Totalkapital*	92 475	57 049	52 952	47 319	44 608
Faste tilsette	75	65	64	64	64
Årsverk	68	65	62	57,8	61,7
A-melding (I&t-oppgåve)	199	201	187	160	193
Sjukefråvær	3,7 %	4,6 %	5,0 %	5,9 %	6,3 %

\* Tal i tusen kroner

\*\* ikkje inkludert folkemusikkonsertar i juli

## Organisasjon 2023





Styret. F.v: Silje Ensby, Agnete Bratland Sivertsen, Lars Mossefinn, Aud Rita Tveiten (nytt styremedlem frå og med 2024), Asbjørn Tolo, Solfrid Borge og Gunnar Skeie (vara). Ikkje tilstades: Hans-Jørgen Andersen og Elisabeth Wesenlund Hauge. Foto: Tine Kjosås

## Årsmelding frå styret

Hardanger og Voss vart skipa 17. januar 2006 og har forretningsstad i Utne. Museet har driftsansvar for Agatunet, Granvin bygdemuseum, Hardanger fartøyvernssenter, Hardanger folkemuseum, Ingebrigt Vik museum, Kvam bygdemuseum, Kunsthuset Kabuso, Voss folkemuseum, Dagestadmuseet og Herand Sag. Hardanger og Voss museum er organisert i fem bemanna avdelingar, og har samarbeidsavtalar med stiftinga Agatunet, samt museumslaget Voss folkemuseum og foreininga Hardanger Folkemuseum. Desse eig dei fleste bygningane og gjenstandane ved musea. Samarbeidspartane har plass i rådet ved museet.

### Føremål

Museet skal driva innsamling, bevaring, forskning og formidling tufta på kulturuttrykk frå fortid og samtid. Gjennom dokumentasjon av variasjon og fellestrekk skal musea vere med på å synleggjera Hardanger og Voss lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Med utgangspunkt i rolla som samfunnsminne skal museet vere ein open møtestad der alle er velkomne til å studera, oppleva og finne utfordringar. Museet yt fagleg hjelp i museums- og kulturminnespørsmål til kommunar og frivillige i regionen. Hardanger og Voss museum driftar eit nasjonalt senter for fartøyvern og eit kunsthus som er tusenårsstaden i Hordaland.



## Aktivitet

Pandemien som har prega oss alle sidan mars 2020, har ikkje vore ein påtrengande faktor i 2023. Bortsett frå at reiselivet melder om at ikkje alle nasjonar er tilbake som før og at nokre vaner kanskje er endra i høve det å delta på arrangement.

Kurs har vore ein stor suksess i fleire år, slik òg i 2023. Ulike handverksteknikkar er sentrale tema, og det tiande Gaffelriggseminaret vart ein stor suksess. Det vart arrangert i samarbeid med frivillige i Grimstad og samla deltakarar frå heile Norden.

Opplegg for skuleborn har vorte eit større satsingsområde i 2023. I tillegg til skuler frå Hardanger og Voss kjem det òg elevar frå skular i Bergen. Studentar frå mellom anna Bergen arkitektskule kjem årvisst. Kulturskulen i Kvam nyttar Kunsthuset Kabuso til framføring av musikk og utstillingar og gjennom sommaren får elevar delta i aktivitetar gjennom opplegget Ung Fritid.

Samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar har vore positivt, særleg Fagskulen i Vestland og NTNU som nyttar HVM som læringsarena for studentar som tek vidareutdanning i bygningsvern.

Forskning er ein grunnleggande viktig aktivitet for eit museum. Dessutan har Riksantikvaren lagt stadig større vekt på fagutvikling seinare år. HVM har i 2023 vore betre rusta enn nokon gong til å gjennomføre forskning og fagutvikling, så no vonar me at dei løyvande styresmaktene føl opp med ressursar. Som året før er det arrangert skrivesamlingar, fagdagar, prosjektutvikling m.m. i samarbeid med andre museum i prosjektet forskingsinfrastruktur i musea i Vestland.

Universell utforming er eit viktig og til tider utfordrande tema for museum. Historiske bygg er ofte fysisk vanskeleg tilgjengelege. Ein er ofte restriktiv med informasjonsskilt i eit sårbart kulturmiljø, noko som kan føre til at besøkande ikkje har så lett for å finne fram. Dette er nokre få døme på tema som var oppe på eit seminar i Agatunet, som òg hadde workshop og gjekk over fleire dagar. Arbeidet vart lagt merke til av Kulturdirektoratet som inviterte HVM til å delta på eit seminar med same tema. HVM har i 2023 arbeidd med å betre nettstaden med tanke på universell utforming. Dette er eit viktig tema som me vil halde fram med i åra som kjem.

Hesthamar skrivargard vert forvalta av ei stifting

som eit kulturminne med særleg vekt på rettshistoria. Stiftinga har utvikla ei rettshistorisk løype med informasjonsskilt, der både Agatunet og Tingvika på Utne inngår. Den rettshistoriske løypa vart opna i 2023, og vart ei god oppkøyring mot 2024 som er 750-års jubileum for Landslova. I samband med dette vart det utarbeidd ein podkast, Rettsløypepodkasten, i samarbeid med den største faglege kapasiteten på dette fagfeltet, Jørn Øyrehagen Sunde.

Mølstertunet er det opphavlege klyngetunet som er ramme for Voss folkemuseum. Dette vart fredag 6. juni 1923, og på same dagen 100 år etter vart det markert med fagseminar og ope tun. Dette året feira dessutan Vossa-jazz 50 år, noko som vart markert med ei flott utstilling og jubileumsfest.

Hardingfela.no sitt samarbeid med Osa-festivalen kan vise til rekorddeltaking på arrangementet UngOsa, der born og unge deltek på kurs i folkemusikk og –dans. Hardingfela.no har bidratt til at unge folkemusikarar har fått sommarjobb med speling på faste tidspunkt i museumstuna til HVM.

Den freda ferja MF «Folgefonn I» har sidan 2018 vorte restaurert ved Bredalsholmen dokk og fartøyvernsenter. Framdrifta er avhengig av tilskotsmidlar. Me erfarer at prosjektet tilfører både Bredalsholmen og oss sjølv kompetanse gjennom handverksarbeid, dokumentasjon og prosjektleiing.

Spaden vart sett i jorda for bygginga av Kulturnaustet hausten 2023, som er ein del av generalplanen «Tett på» ved Hardanger fartøyvernsenter. Dette er det største byggeprosjektet ved HVM til no. Det nye publikumsbygget vil stå klart til innflytting i mai 2025.

HVM er sertifisert som Miljøfyrtårn-verksemnd. Det inneber at me får innsikt i kva klima og miljøavtrykk organisasjonen set, og me set oss mål for forbetringar. I 2023 har me installert solcellepanel på Hardanger fartøyvernsenter som skal kunne produsere om lag 25 000 kWh i året. I Kabuso er det installert ny lysrigg (scenelys) med energisparande LED-pærer. I Hardanger Skyspace er det avdekka feil ved det elektriske anlegget, som no vonleg vert ordna og vil føre til redusert stamforbruk. Ved Voss folkemuseum er det gjennomført ein analyse av potensial for energiøkonomisering, og tiltak vert gjennomført i løpet av 2024. Ved Hardanger folkemuseum er det sett i gang eit større arbeid for å både betre funksjonalitet og energibruk i publikumsbygget.

## Styrande organ

Styret hadde sju møte i 2023, der dei handsama 67 saker. Rådet hadde eitt møte i 2023, der dei handsama 8 saker.

Det er teikna forsikring for styre- og leiingsansvar. Styret bestod i 2023 av: Lars Mossefinn (styreleiar), Solfrid Borge (nestleiar), Asbjørn Tolo (styremedlem), Hans Jørgen Andersen (styremedlem), Elisabeth Wesenlund Hauge (styremedlem), Agnete Sivertsen (ansattrepresentant) og Silje Ensby (ansattrepresentant).

## Personale

I 2023 vart det utført totalt 68,14 årsverk, medrekna fem lærlingar. Totalt 199 personar var knytt til museet og fekk lønsutbetaling i løpet av året. I tillegg til dei faste tilsette har det vore engasjert sommarvikarar, andre vikarar, volontørar og personar som har hatt arbeidstrening gjennom NAV.

Det er ei jamn fordeling av kvinner og menn i museet, men fordelinga er ulik innan dei mange yrkesgruppene. Kvinner er i hovudsak tilsett i akademiske og merkantile stillingar. I styret var det fire av sju kvinner. I leiargruppa var det fire av sju kvinner.

I tråd med §26 i likestillings- og diskrimineringslova vert det kvart 2. år gjennomført kartlegging av lønn fordelt etter kjønn, og kartlegging av bruk av ufrivillig deltidsarbeid. Resultatet av kartlegginga vert publisert i årsmeldinga.

Hardanger og Voss museum diskriminerer korkje tilsette eller besøkande i høve til alder, kjønn, funksjonshemming, religion, kulturell bakgrunn eller seksuell orientering.

## Helse, miljø tryggleik (HMT)

HMT-målsetjinga til museet er at det skal vera eit helsefremjande og inkluderande arbeidsmiljø der ingen vert skadde eller sjuke som følgje av arbeid eller arbeidsmiljø. Hardanger og Voss museum har fokus på IA-arbeid og er medlem i Bedriftshelse1.

Museet har felles arbeidsmiljøutval (AMU) og er delt i tre verneområde som alle har egne verneombod. AMU hadde i 2023 fem møte der dei handsama 38 saker. Gjennom heile året er det gått vernerundar på alle avdelingane.

Det har ikkje vore arbeidsulykker med alvorleg personskade i 2023. Sjukefråveret akkumulert var på 3,73 %, ein nedgang frå 4,6 % i 2022.

Hardanger og Voss museum har ikkje skada eller påverka det ytre miljøet negativt. Alle tiltak og planar vert vurderte ut frå prinsipp om universell utforming.

## Miljøfyrtårn

Hardanger og Voss museum vart godkjend som Miljøfyrtårn i 2011. Museet vart resertifisert i 2021. Det er ikkje avdekkta tilhøve som kan medføre ein betydeleg påverknad av det ytre miljøet.

## Openheitslova

Hardanger og Voss museum pliktar å følge openheitslova, og utarbeider aktsemdsvurderingar i samsvar med denne.

## Økonomiske tilhøve

Årsrekneskapen til Stiftinga Hardanger og Voss museum er avlagt etter norske rekneskapsstandardar og god rekneskapsskikk for øvrige føretak. Årsrekneskapen er avlagt under føresetnad om fortsatt drift. Dette på basis av budsjettet for 2024 som inkluderer tildelte driftstilskot på 37,8 millionar kroner. Hardanger og Voss museum er del av det nasjonale museums-, kunst- og fartøyvernfeltet og får årleg driftstilskot frå Kulturdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Vestland fylkeskommune og lokale kommunar. Museet har i tillegg stort fokus på eigeninntening.

Årsresultatet for 2023 var 0,6 millionar kroner mot -0,9 millionar kroner i 2022. Driftsresultatet i 2023 var 0,3 millionar kroner mot -1,0 millionar kroner i 2022. Driftsinntektene i 2023 auka med 8,7 millionar kroner frå 2022, medan driftskostnadene auka med 7,4 millionar kroner frå 2022. Salsinntektene vart auka med 6,7 millionar kroner og tilskot og gåver auka med 2,1 millionar kroner. Museet fekk i 2023 prosjekttilskot til mellom anna den freda ferga MF «Folgefonn I», ny motor og segl til Mathilde, sprinkling i Agatunet samt tilskot til fagutvikling i fartøyvernet frå Riksantikvaren.

Den framtidige pensjonsforpliktinga var per 31.12.23 aktuarberekna til 17,4 millionar kroner mot 19,5 millionar kroner på same tid i fjor.

## Disponering av årsresultat

Årsresultatet for 2023 utgjorde 580 tusen kroner mot -867 tusen kroner i 2022. Årsresultatet vert disponert til anna eigenkapital.

## Sentrale risiko og uvissefaktorar.

Hardanger og Voss museum har ein svak eigenkapital i forhold til omfanget av drifta og framtidig pensjonsforplikting. For å møta den langsiktige forpliktinga må museet generera overskot framover, eller få tilførsel av kapital frå stiftarane. Omfanget av drifta avheng av størrelsen på offentlege tilskot og museet si eiga evne til eigeninntening. Endringar i rammevilkåra frå det offentlege vil påverke museet si evne til å levera i tråd med samfunnsoppdraget. Det er betydeleg uvisse knytt til vurderingar av framtidige tilhøve.

## Finansiell risiko

Risikostyring og internkontroll står sentralt i Hardanger og Voss museum si styring av verksemda. Hardanger og Voss museum er eksponert mot marknadsrisiko i form av oppdragsmengde innan bygningsvern og fartøyvern, samt tal på besøkjande. Museet skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar for å sikre tilførsel av relevant kompetanse og for å vidareutvikle gode opplevingar for både oppdragsgjevar og besøkjande.

Museet er eksponert mot endringar i rentenivået i form av langsiktig lån og avkastning på likvide midlar

på bankkonto. Museet er avhengig av årlege offentlege løyvingar. Museet er liten grad eksponert mot endring i valutakursar.

## Kreditt- og likviditetsrisiko

Risiko for at motpartar ikkje har økonomisk evne til å oppfylle sine forplikningar vert vurdert som låg. Historisk sett har det vore små tap på krav. Likviditeten i 2023 har for det meste vore god, og likviditetsgrada var god per 31.12.23.

Kontantstrømoppstillinga viste negativt bidrag frå operasjonelle aktivitetar på -5,1 millionar kroner mot -1,2 millionar kroner i 2022. Investeringsaktivitetane var i hovudsak finansiert med tilskot frå samarbeidspartar. Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar var -3,1 millionar kroner mot -1,0 millionar kroner i 2022. Finansieringsaktivitetane var dels finansiert av tilskot frå samarbeidspartnarar. Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar var 36,9 millionar kroner mot 1,6 millionar kroner i 2022.

## Takk

Styret ynskjer å rette ein takk for alle gåver til museet i 2023. Me er òg svært takksame for engasjementet dei frivillige og tilsette ved museet legg ned. Me vonar at det gode samarbeidet kan halde fram i åra som kjem.

Øystese, 28. februar 2024



Lars Mossefinn  
Styreleiar




Solfrid Borge  
Nestleiar



Asbjørn Tolo  
Styremedlem



Silje Ensby  
Ansattrepresentant



Agnete Sivertsen  
Ansattrepresentant



Hans Jørgen Andersen  
Styremedlem



Elisabeth Wesenlund Hauge  
Styremedlem



Åsmund Kristiansen  
Direktør

## Forord frå direktøren

2023 har gitt Hardanger og Voss museum (HVM) framgang og resultat på mange område. Mest synleg er oppstarten av utbygginga av nytt publikumsbygg ved Hardanger fartøyvernssenter (HFS), «Kulturnaustet». Etter mange års planlegging, prosjektering, finansiering, arbeid med reguleringsplan og alt anna som høyrer med til eit stort byggeprosjekt, var det kjekt å endeleg få «setja spaden i jorda».

Dette er det største enkeltprosjektet i HVM si historie, og vil bidra til å gjera HFS til ein meir attraktiv stad å besøka og arbeida ved. Mange funksjonar på HFS vert betre, så dette vert eit løft både for tilsette, besøkande og alle som går på kurs, vidareutdanning osv.

Ein mindre synleg, men likevel svært viktig framgang, har me hatt på feltet forskning og fagutvikling. Dette har vore formulert i strategiske planar, og sakte men sikkert har det gitt meir handfaste resultat. HVM har prioritert interne «frikjøp» for å frigjera ressursar til forskning. I det treårige prosjektet «Forskningsinfrastruktur for musea i Vestland» er HVM med i prosjektleiinga. Internt i HVM har det ført til meir forskning og fagutvikling mellom mange av medarbeidarane. Så no er den synlege mengda med forskingsartiklar auka, og formell kompetanse utvida til tre med konservator NMF og ein førstekonservator NMF. Dette viser godt arbeid frå mange! På kulturmiljøfeltet har HVM ein omfattande aktivitet innan kunnskapsutvikling i fartøyvern. HFS spelar ei viktig nasjonal rolle i å utvikla og gjennomføra stadig nye prosjekt.

Universell utforming er eit anna viktig strategisk tema som har fått eit løft i 2023. Dette er ikkje eit tema som berre gjeld dei som har utfordringar knytt til t.d. fysiske hindringar. I grunn handlar det om å gjera tilboda våre meir tilgjengelege for alle. HVM sine avdelingar er mykje nytta av grunnskule, vidaregåande skule og barnehagar. Dei tilboda born og unge får er utvikla for dei ulike aldersgruppene, og me får gode tilbakemeldingar.

Vestland fylkeskommune vedtok ny kulturplan for Vestland i 2023, «Kultur bygger samfunn». Den overordna visjonen er at Vestland skal bli ein leiande kulturregion. Mange punkt i handlingsdelen samsvarer med HVM sine strategiske satsingar. Det er inspirerende å ha ein overordna plan å strekke seg etter.

Samarbeid og samhandling er, i alle fall om ein les ymse styringsdokument, svaret på mange utfordringar som aktørar i museum- og kulturarvsektoren opplever. HVM har eit utstrekt samarbeid med mange partar i ulike sektorar. Samhandling er naudsynt og verdifullt, samstundes som det òg er ressurskrevjande. Me opplever at samhandling bidreg til å forankra HVM i lokalsamfunna og «storsamfunnet» og det gjer oss i stand til å bidra med våre kompetansar og gjer oss generelt retta utover mot omverda. Tillit vert i stor grad bygd gjennom samhandling. Eitt eksempel som har gitt mediemerksemd er samarbeidet med Nordmørmusea om å få Brunsviken reperbane til å fungera igjen. I 2023 kom me i gang att med publikumsundersøkingar etter ein sped start under pandemien. Dette vil nok bli eit viktigare arbeid framover. Her ser me eit potensial for å bli endå meir relevante og betre retta mot publikum.

Som alle andre må HVM bidra til ei meir berekraftig utvikling. Mange av aktivitetane HVM driv innan museum og kulturmiljø er og har vore berekraftige. Men det finst mange område der me må gjera tiltak for å bidra i riktig retning. Avfall, straumforbruk og reiser er døme på dette. Som Miljøfyrtårnverksemd har me god oversikt over dei ulike miljøindikatorane og ser utviklinga frå





Direktør Åsmund Kristiansen  
Foto: Kjell Herheim

år til år. Framleis har me potensial til å bli betre. HVM er i gang med fleire tiltak for å få ned energiforbruket i bygningane.

Kva skal til for at lokalbefolkning, tilreisande og eigarar av kulturminne opplever tilboda våre som relevante, slik at dei får lyst til å koma til oss, bruka våre tilbod og tenester? Dette er eit spørsmål me må stille oss ofte. Me får nokre svar gjennom tilbakemeldingar, besøkstal, inntekter frå kafe og butikk, publikumsundersøkingar og samtaler. Me kan ikkje vera like relevante for alle heile tida, men med varierte tilbod vil det vera noko for fleire gjennom året. For dei som skal løyva tilskot og inngå avtalar om istandsetjing, kanskje for store pengesummar, handlar det om tillit. At brukarane, kundane, forvalting og støttespelarane våre har tillit til oss, til kompetansen og det me kan levera. Alt i alt opplever me tillit i alle retningar, og me er stolte over resultatata som er nådd i 2023. Men ser òg område som det er viktig å utvikla vidare.

Slik me sjølve oppfattar det, jobbar organisasjonen godt og har ei profesjonell drift. Sjukefråværet er lågt, noko som kan tyda på at folk trivst på jobb. Me har gode verktoy for økonomistyring og -rapportering, me har eit bra HMT-system, årshjul og møtестruktur. I 2023 tok me steget inn i eit nytt digitalt system for alle, noko som har gitt oss ein del utfordringar. Så når me no skal sjå både tilbake og framover, erkjenner me at drifta kan bli endå betre på ein del område. Den digitale utviklinga går raskt, og me må henga på for å få utnytta relevante verktoy. Alt kan bli betre.

Økonomien til HVM er utfordrande. Ei av utfordringane er at tilskotsmidlar og inntekter elles ikkje heilt står i stil med auken i kostnader. HVM har eit mål om ein forsvarleg økonomisk drift, men dei siste åra har det vore litt knapt. Me går ut av 2023 med eit driftsoverskot på litt under 300 000 kroner.

Eg takkar alle kollegaer for eit godt samarbeid i 2023. HVM har både styrefart og ein god kurs. Takk òg til styret og eigarstyra for godt samarbeid. Frivillige som er knytte til HVM, tilskotsytarar, forvaltning og andre samarbeidspartar skal òg ha takk.

A handwritten signature in black ink that reads "Åsmund Kristiansen". The signature is written in a cursive, flowing style.

Åsmund Kristiansen  
Direktør

## Berekraftig utvikling

Målet er at Hardanger og Voss museum gjennom eiga drift, fagleg arbeid og formidling skal bidra til økonomisk, sosial og miljømessig berekraftig utvikling.

I 2023 er det sett i gang fleire ENØK-tiltak. Det er installert solcellepanel på Hardanger fartøyvernseier. Det vart produsert vel 11 000 kWh frå juni og ut året. Ved Voss folkemuseum er det gjennomført ein analyse av bygningen som resulterte i vedtak om å installera energibrønner og å skifta vindauge og dører i kontorfløya. Arbeidet her vart byrja på i 2023 og vert fullført i 2024. Ved Hardanger folkemuseum er det sett i gang eit arbeid som skal munna ut i betre arbeidsmiljø og lågare energiforbruk.

Universell tilgjenge er eit omfattande tema, både i publikums- og formidlingsbygg, i museumstun på nettstader og elles. Dette er eit tema me har løfta fram på fleire vis i 2023. Hausten 2023 gjennomførte me seminaret «Universell utforming i freda og verna tun» i Agatunet, eit prosjekt støtta av Bufdir. Utgangspunktet var ei sterk interesse for å gjera eigen arena og formidling meir tilgjengeleg og inkluderande, og å få sett spenningsforholdet mellom vern og tilgjenge på dagsorden. Seminaret

gjekk over to dagar, med fagekspertise frå Universell utforming AS, og elles innlegg frå vernemyndigheit (fylkeskommune), Statsbygg, arkitektbransje, kommune, og museumssektor. Me inviterte andre institusjonar som driv publikumsretta aktivitet i freda og verna anlegg i heile Vestland. Me var på det meste 28 deltakarar, som òg fekk gjera praktiske kartleggingsøvingar og tiltaksvurderingar under rettleiing frå fagkonsulent. Formidlingsleiar ved Agatunet og bygningsvernkonsulent i Hardanger vart seinare inviterte til panelsamtale under Kulturdirektoratet sin museumskonferanse i oktober, og deltok der i samtale med representantar frå Riksantikvaren og fylkeskommunar, om tema tilgjenge og vern.

I november arrangerte me eit digitalt kurs i universell utforming av sosiale media, med kurshaldar frå Universell utforming AS. I etterkant har me gjennomført ei stor kartlegging av Agatunet, inkludert kartlegging av og tilgjengeerklæring for nettsida til HVM, og arbeider vidare i 2024 med å få etablert ein prioritert tiltaksplan med utgangspunkt i kartleggingsrapporten.



Seminaret «Universell utforming i freda og verna tun» på Agatunet. Foto: Line Iversen



Skjerm bilde frå «Ikkje tilgjengeleg» kampanje med Kulturdirektoratet.



Eit museumsmagasin kan romme mange typer gjenstandar, som desse brillene på Hardanger folkemuseum. Foto: Benjamin Richards



Gipsskulpturar av kunstnaren Lars Utne på Hardanger folkemuseum. Foto: Benjamin Richards

## Forvaltning av materiell kulturarv

HVM skal i fylgje eigen strategi samla inn, bevare, vidareføra og sikra både materielle og immaterielle kulturminne, i tråd med gjeldande planar og avtalar. Innsamlingspolitikken skal vera restriktiv. Eitt av måla er å forvalta samlingane gjennom aktiv bruk av digitale verktøy, både når det gjeld registrering, koordinering og tilgjengeliggjering. Kulturhistoriske bygg og anlegg skal forvaltast slik at dei er på eit godt vedlikehaldsnivå. HVM forvaltar ei gjenstandssamling på 52 000 gjenstandar og 95 000 fotografi. Fullt magasin, både eigne og leigde, fører til at HVM fører ein restriktiv innsamlingspolitikk. Generelt er gjenstandar i magasinane tekne godt vare på. I leigde lokale og i tun (som inventar i historiske bygningar) er dei ikkje så godt sikra med tanke på tjuveri og klima. HVM har nokre gjenstandar i fellesmagasinet til Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland. Fellesmagasinet er så godt som fullt. Prosessen med å bygge eit nytt fellesmagasin har gått over fleire år, men det ser no ut til å bli meir konkret.

HVM forvaltar òg fotosamlingane etter Anders Wallevik og Herheim foto. HVM har ikkje dokumentert og publisert samlingane tilstrekkeleg. Kunstsamlinga utgjer hovudsakleg verk av bilethoggaren Ingebrigt Vik, men òg andre kunstnarar frå Voss og Hardanger.

Verket Hardanger Skyspace av James Turell er lokalisert i tilknytning til Kabuso.

Ingebrigt Vik museum er i seg sjølv ein historisk bygning med høg arkitektonisk kvalitet, teikna av Torgeir Alvsaker i 1934. Ettersom det huser kunstsamlinga etter Ingebrigt Vik vert det i statistikken rekna som eit samlingsbygg og ikkje ein del av bygningsamlinga.

### Gjenstandsforvaltning

Det har som vanleg vore liten tilvekst av gjenstandar ved Voss folkemuseum. Magasinet er fullt, og me leiger òg lagerplass utanfor museet. Me ser fram til at eit nytt og stort fellesmagasin for Hordaland kjem på plass, slik at me kan sikra at gjenstandane våre får gode lagringstilhøve.

Sjølv om me ikkje har teke mot mange gjenstandar, har talet på registrerte gjenstandar likevel auka. I november gjennomførte me ei samlingsveke ved Voss folkemuseum, der alle tilsette ved avdelinga var med. Me rydda litt i magasinet, fotograferte gjenstandar, registrerte dei i databaseprogrammet Primus og publiserte dei på Digitalt museum. Mange av desse gjenstandane var slike som har kome inn til museet dei siste ti–femten åra, og som fram til no ikkje har fått nummer eller plassering. I denne prosessen var prioritering eit stikkord, og fleire gjenstandar me har fått til vurdering vart ikkje tekne inn i samlinga. Samlingsveka var eit godt tiltak, også av di det er stas at alle tilsette har nokre dagar der me arbeider tett saman.





Skilt frå Utne skifabrikk og anna produksjonsutstyr er hos Hardanger folkemuseum. Foto: Benjamin Richards



Ski og truger frå Utne skifabrikk.



Verktøy frå Utne skifabrikk.

I oppsummeringa vart det sagt at me gjerne kan ha fleire slike veker kvart år – anten veker der alle er med, eller veker der nokre av oss tek del.

Ved Hardanger folkemuseum er det òg vore eit avgrensa inntak av nye gjenstandar. Men me har mellom anna teke mot ein del tekstil knytt til folkedrakt, hardingfeler, perlekrune og bruredrakt. Det er laga planar for flytting av gipsfigurar av kunstnaren Lars Utne (1862–1922) til fellesmagasinet på Salhus.

Av gjenstandane ved Hardanger fartøyvernsenter er no mange av båtane og båtdelane registrerte i databaseprogrammet Primus og tilgjengelege i Digitalt museum. Resten av gjenstandssamlinga er dels innførte i tilvekstprotokollen, men òg der er det ein del manglar.

## Forvaltning av historiske bygningar

Av dei 133 historiske bygningane som HVM forvaltar står over halvparten på opphavleg stad. 46 av bygningane er freda (Mølstertunet 17, Agatunet 28, Vikøy prestegard 1). Fire bygningar er lagra (ikkje sett opp). Eigarskap til dei 133 bygningane spenner over eit vidt spekter. Ved dei tre opphavlege tuna knytt til Voss folkemuseum, det opphavlege tunet Agatunet og museumstunet ved Hardanger folkemuseum er det tilsett handverkarar som arbeider med vedlikehald og istandsetjing.

På garden Utne var det på midten av 1800-talet etablert 20 husmannsplassar under dei ulike bruka. Bygningane på desse plassane varte rivne eller flytta grunna utskifting, ny veg og ny ferjekai på 1900-talet. Nokre av husmannsstovene er flytte til museumstunet på Neset. Nesjastova er den einaste husmannsstova som står att på opphavleg plass på Utne. Då husmannsstova vart reist i åra 1824–1828 var det eit oppkomme i kjellaren, og det kan sjå ut som om vatnet vart leia inn mot dette. I perioden 1870–1900 vart kjellaren utvida. Vidare vart det lagt nokre omfar oppå den gamle tømra stova som fekk loft over seg, og never-tekkinga vart erstatta med teglpanner. Pipeløpet vart mura og det vart sett inn jarnomn. På baksida kom det eit tilbygg som inneheldt kjøken og soverom. Den gamle labankdøra til stova vart fjerna og det vart sett inn nye dører med spegelfyllingar. Utover 1900-talet vart det lagt inn moderne isolasjon i alle opningar i konstruksjonen, samt på innsida av den tømra stova med plater utanpå.

Me har dei siste åra brukt mykje tid på å drenera, mura, og fjerna våt isolasjon og skifte ut rotne konstruksjonar. I 2022 vart taket og tilbygget restaurert. I 2023 vart dei gamle teglpannene reingjorte og lagt opp att på taket. Arbeidet skal fortsetja i 2024, mellom anna med ny pipe, delvis nytt golv i gangen, og kjøken med innreiing i kjøkendel tilpassa tida kring 1900.

Dei første månadene av året vart det utført arbeid innvendig i Skulekjellaren i museumstunet på Utne. Skulen, som opphavleg vart reist på Djonno i 1888–89, vart demontert og sett opp i museumstunet på Utne 1990. Skulestova hadde i tillegg til sjølve klasserommet også soverom for læraren. Kjellaren vart nytta som sløydsal og forsamlingslokale.





Kvalnesbua på Skredhaugen har blitt sikra og tilstanden vurdert etter at torva på taket raste ned.

I 2016–2017 vart det utført eit større dreneringsarbeid, og det vart støypt golv i kjellaren. Samstundes vart det installert straum i bygningen. I 2023 vart sløydsalen innreidd med veggfaste benkar langs to vegger, laga av tidlegare golvbord. Det vart kjøpt inn seks nye høvelbenkar og lampar. Den gamle boktrykkarpressa vart sett opp i eit hjørne. I det andre hjørnet vart bordet som høyrde til den gamle boktrykkarverkstaden sett på plass. I mars gjennomførte me kurs i restaurering av vindauge kvar tysdag kveld.

Vanleg vedlikehald har blitt utført på fleire bygningar, blant anna har fleire vindauge blitt kitta og måla. På nokre vindauge er røte treverk i ramma skifta ut, som til dømes i Skifabrikken, reist i 1928 på bruket Bødnen på Utne. Skifabrikken med bustadhus er eit småskala industrianlegg, der alt produksjonsutstyr er intakt. På dei to bygningane Kvalnesbua og Kvalnesstova på Skredhaugen vart det ved oppsetting på 1900-talet lagt papp og knotte-plast på taket under torva, og ikkje never som er den eldre byggeskikken. Seinsommaren 2023 raste torva ned av takflata på nordsida av bua under eit særskilt kraftig regnvêr. Me sette straks i gang med sikringsarbeid. Det første me gjorde var å få ned torva kontrollert på sørsida. Deretter sette me opp stillas kring både Kvalnesstova og bua, og vurderte tilstanden på stova. Me fjerna taktekinga også på stova og tekte taka mellombels med plater. Planen vidare er å tekka bua med skifer. På stova ynskjer me å tekka med never og torv. På stova må det først utførast ei større vøle. Noko laft på sørsida må skiftast ut, samt sperr og bete. Dette er sett på vent til me har sankt nok bjørkenever.

I 2022 vart det løyvd 200 000 kroner frå Vestland Fylkeskommune til vøle av eldhuset til Johan-stova i Agatunet. I bakveggen er ei grue mura i tørrmur, med ein kakeomn i den eine enden, og med ein tørrmura vegg som ender i ein skorstein. I gavlen er det opning for røyk. Alle berande trekonstruksjonar er svarte av røyk. På taket ligg heller. Sommaren 2023 starta me på restaurering av eldhuset. Det vart tilsett ein hjelpearbeidar som skulle jobba med handverkaren heile sommaren. Ho er arkitektstudent på NTNU. Til arbeidet som gjaldt grua leigde me inn tørrmurar Jan Asbjørn Utne. Grua er bygd inn i bakveggen, og me ville ta vare på mest mogleg av det opphavlege. Bjelken som ber kappa over den opne eldstaden måtte skiftast ut. Me fekk levert eit nytt emne til dette frå sagbrukar Johannes Heradstveit. Ut på hausten starta arbeidet med helletaket. Heller vart demontert og merka, og alle røteskadde konstruksjonar vart skifta ut. På grunn av aukande nedbør og milde vintre vert dei freda husa i Agatunet utsette for røteangrep i treverket. På arbeidet med helletaket vart byggmeister Haakon Kvestad leigd inn. Rett før jul var to mann og ein lærling i gang med å leggja hellene på plass på taket att.

I 2023 vart ved-skykkja i Agatunet sprinkla og tiltaket med å installera sprinklaranlegg i tre hus, med tilskot frå Vestland Fylkeskommune («Tette trehusmiljø»), ferdigstilt.

Arbeid med brannalarm i museumstuna på Utne og Skredhaugen vart i 2023 fullført med tilkopling til sentral.


Dette året fekk me endeleg ordna muren under floren



Motorbytte på «Mathilde».  
Foto: Thor Inge Haltvik



På besøk hos Folgefonn I i dokk hos Bredalsholmen Dokk og fartøyvernssenter.



Kunsthuset Kabuso fekk nytt lysanlegg i konsertsalen.  
Foto: Karen Korssjøen

på Oppheim gamle prestegard, som høyrer til Voss folkemuseum. Muren raste ut for eit par år sidan, og vart no sett skikkeleg i stand. Det vart òg laga ein betre parkeringsplass ved tunet. Arbeidet vart utført av Tore Bidne/Oppheim gravemaskinstasjon.

På Kvam bygdemuseum er det sett i gang eit arbeid knytt til teknisk oppgradering, særleg brannsikring og det elektriske anlegget. Det er gjort forsøk med handsaming med ozon for å fjerne stripa borebille (mit).

I januar hadde Voss herad hadde branntilsyn ved Granvin bygdemuseum. Etter branntilsynet kom det krav om utbetring av brannmur, omn og røykrøyr til pipa i Holvensstova. Dette avviket er no lukka med god hjelp frå murmester Vik & Son AS. Tunet har fått installert nytt brannvarslingsanlegg, men dette er ikkje sett i drift då det nye låssystemet ikkje er montert. I Løflotstova er kjøkkengolvet måla, fargeval er i samråd med bygningsvernkonsulent ved Hardanger folkemuseum, Anne Lise Brask Eriksen. Me fekk donert nye møblar til stova av Brukten og har av Hardanger folkemuseum fått lånt fotografi av fotograf Knudsen som heng i Løflotstova.

## Forvaltning av historiske fartøy

HFS har fire eigne historiske fartøy. SJ «Mathilde» fekk eit litt amputert driftsår på grunn av at utskiftinga av hovudmotoren drog ut i tid. Alle leirskuletokta vart likevel gjennomførte, og det same gjorde sommartoktet til foreininga Kysten og ferieopplevingane i samarbeid med Kvam herad. MY «Faun» låg på Nordåsvatnet store deler av sommaren og vart som vanleg driven av veneforeininga. «Faun» treng ein del vedlikehald og istandsetjing, mellom anna står nytt framdekk for tur. Det må òg gjerast noko med ein plyssofa i salongen.

«Vikingen» er i nokolunde god stand og fekk i sommar nytt men tidsrett lys i motorrommet. Det som står for tur når det gjeld vedlikehald er overhaling av sjøvasspumpa. Den har hatt nokre turar i sommar, nokre småturar på fjorden under segl, og ein helgetur til Morellfestivalen på Lofthus. Elles var «Vikingen» godt besøkt under trebåtfestivalen, då han låg med motoren i gang ved kaien og trekte til seg folk.

MF «Folgefonn I» vert sett i stand ved Bredalsholmen Dokk og fartøyvernssenter. Der har dei bytt ut og utbetra skrogplater, samt utbetra spant. I tillegg har dei demontert og kopiert hudplater, klargjort for montering, rustbanka og reparert spant og mellomlegg. Deretter montering, brotsjing og klinking av hudplater. På bildekket er det utført arbeid med rennesteinar. I samband med oppdokking måtte skroget gjerast heilt tett. I nokre veker vart «Folgefonn I» liggande til kai. Gavlabåten er ein open båt på om lag 27 fot som har vore nytta til ymse formål. Denne båten har ikkje vore på sjøen i sommar. Han treng til litt reparasjon som skal takast våren 2024. Det har derimot vore samarbeidd med fritidskoordinatoren og utekontakten i Kvam for å få til eit ungdomsprosjekt der gavlabåten er tiltenkt ei stor rolle i 2024/25.





Åsane byggmester forretning vart totalentreprenør av bygginga av Kulturnaustet. Frå venstre direktør i HVM, Åsmund Kristiansen og dagleg leiar i Åsane Byggmesterforretning, Frank Ståløy. Foto: Lars J. Berge



Illustrasjonsbilete av det nye publikumsbygget på Hardanger fartøyvernsenter.  
Illustrasjon av arkitektkontoret LJB AS.

## Driftsbygningar og anlegg

Publikumsbygget ved Voss folkemuseum er under utbetring med tanke på energiøkonomisering og betre arbeidsmiljø. Publikumsbygget ved Hardanger folkemuseum krev noko meir planlegging for å få på plass løysingar for ENØK, ventilasjon og betra arbeidstilhøve. Dette er starta opp i 2023, og held fram i 2024 (sjå òg omtale under avsnittet Berekraftig utvikling).

Ved Hardanger fartøyvernsenter er spaden sett i jorda for det nye publikumsbygget som vert kalla «Kulturnaustet». Dette er det største delprosjektet i generalplanen «Tett på» som det har vore arbeid med sidan 2016.

Det vert utført eit større ryddearbeid på uteområda til alle besøksstadane kvart år, og bord og benkar vert vedlikehaldne og sette ut i dei ulike museumstuna. Dette året vart det også hogd ein del tre.

Me har også i år produsert most laga av dei historiske eplesortane frå museumshagane på Utne og i Agatunet. Nytt i år var at me òg kunne lansera ein eigen sider for Agatunet og Hardanger folkemuseum! Det er ein tørr, flaskegjæra (pét-nat) sider laga på gamal metode, og sideren har vorte til i samarbeid med Åkre gard/Edel sider.

Kabuso monterte nytt lysanlegg i konsertsalen og nye lampar i utstillingssalen i 2023, alle med LED-lys. Den største investeringa av desse var heve-senke-lysriggen i konsertsalen. Komplikasjonar under monteringa førte med seg ein kostnadssmell, men riggen er no forsvarleg montert, med motor som løftar og senkar riggen, og med nye lampar tilpassa scena og drifta. Både Vestland fylke og Kulturdirektoratet bidrog med midlar til dette.

Hardanger Skyspace har etter nokre år med problem med varmekablane endeleg fått lokalisert kvar løysinga ligg. Saka er no sendt attende til ansvarleg entreprenør.

## Dokumentasjon av samtid og fortid

I 2023 har me realisert ein dokumentasjon av året i ein frukthage. Me engasjerte fotograf Elisabeth Emmerhoff til å kvar månad dokumentera utviklinga og arbeidsoppgåvene i eit fruktfelt, og sit på ei stor samling foto som har høg dokumentarisk og estetisk verdi. Bileta vil inngå som del av bakgrunnsstoffet for forprosjekt til ei utstilling om fruktdyrking, og vil verta nytta i eit digitalt formidlingsprosjekt for 2024.

## Arkiv og bibliotek

Store delar av den store boksamlinga ved Voss folkemuseum er ikkje registrert, men det går framover. Frå november 2022 har me hatt ein eigen bibliotekar i ca. 25 % stilling. Han registrerer bøkene i Bibliofil, det same programmet Voss bibliotek nyttar, og det er råd å søkja i samlinga vår frå nettsidene deira. Me kan ikkje sjølv telja kor mange bøker me har registrert, men Voss bibliotek seier at talet på registrerte bøker auka med godt og vel 600 i 2023.

Det nye digitale arkivet til Hardanger fartøyvernsenter inneheld no rundt 400 000 filer. Desse er i hovudsak fordelt på foto, video, dokument, teikningar og rapportar, og er basert på søkbar tekst (metadata). Målet for 2023 var å gjera det digitale dokumentasjonssenteret tilgjengeleg for publikum, og det har me klart. Dokumentasjonssenteret er eit fellesprosjekt for dei tre nasjonale fartøyvernsentra, og arbeidet er støtta av Riksantikvaren (<https://dokumentasjonssenter.fartoyvern.no/fotoweb>).

Fagboksamlinga ved HFS inneheld omkring 2000 titlar. Nye titlar vert lagt inn fortløpande. Ho er registrert i Mikromarc, som er det same systemet som Kvam folkeboksamling nyttar.

Arbeidet med å samla inn, digitalisera, og sikra arkivmateriale frå fartøyeigarar held fram. Dette er også ein del av dokumentasjonssenteret, som mellom anna går ut på å få fram erfaringar med å sikra historisk kjeldemateriale om dei verna og freda fartøya.



## Forvaltning av immateriell kulturarv

HVM prioriterer tradisjonelle handverksfag og folkemusikk. Dei maritime faga er fartøybyggjar, småbåtbyggjar, skipssmed, mekanikar, reipslagar og bestmann. Hardanger fartøyvernssenter er godkjent som lærlingbedrift innan smed-, reipslagar-, tømrrar og båtbyggjarfaget. Hardanger folkemuseum har tilsett hardingfelespelar ved folkemusikkarkivet, som ein del av ordninga med fylkesmusikar som vart innført tidleg i 1990- åra. Hardingfela.no er ei vidare satsing på folkemusikk i partnerskap med Ole Bull Akademiet på Voss. I partnerskapen samarbeider me om folkemusikk som hardingfelespel, folkedans, kveding og felebygging. HVM har stor aktivitet på bygningsvern, både gjennom restaureringsarbeid i museumstuna og som læringsarena for Fagskulen i Vestland si bygningsvernutdanning. Forvaltning av immateriell kulturarv er såleis integrert i mange sider av drifta ved HVM, gjennom restaurering av historiske bygg og fartøy, fagopplæring, kurs m.m. Målet er å forvalta våre tradisjonsfag på ein forsvarleg måte ved å utvikla ein god modell for overføring og forvaltning av tradisjonsfag og immateriell kulturarv.

### Reipslaging

Reiparbana har etter eit opphald no fått lærling. Det er bra, ettersom faget er særleg sårbart. Fleire av handverksprosessane ved reiparbana er dokumenterte. Det er gjort eit stort løft ved å hjelpa Nordmøre museum og den frivillige eigarorganisasjon av Brunsviken Reperbane i Kristiansund med å få banen funksjonell og klar til bruk. Dei første taua der vart slått i 2023. Reipslagaren har vore involvert i eit forskings- og utviklingsprosjekt i samarbeid med Vestlandsforskning og Bioregion institutt i Bergen. Forprosjektet har hatt som mål å finna nye bruksområde for tau i naturfiber, nye naturfiber som kan brukast i tau, knyta tradisjonshandverk til berekraftsindikatorar m.m. Forprosjektet er avslutta, men det er ein viss sjanse for at det vert eit hovudprosjekt seinare.

### Småbåtverkstaden

Småbåtverkstaden har hatt god aktivitet i 2023. Ny libbåt til DS «Skibladner» tok ein del tid dei fyrste



Vårpuss hjå Hardanger fartøyvernssenter. Foto: Silje Ensby

månadene i året. Etter det har det vore bygd ein hardangerbåt, ein færing etter mal frå ein gamal båt, men med nokre endringar i samråd med kunden. Det tredje nybygget dette året var ein to-keiping (æring) som òg var bygd etter tinging. Mot slutten av året vart det bygd to strandebarmarar på spekulasjon, då me berre hadde éin båt att på lager. I tillegg selde me ein hardangerbåt som har lege i utstillinga nokre år.

Elles har det vore ein del skogsarbeid på Ljones og Kolltveit for å få teke ut emne til innved og keipar. Då lærlingen me hadde i byrjinga av året valde å slutta, hadde me ei stund ein lærling frå fartøyvernavdelinga. I august fekk me så inn ein ny lærling som skal vera med i verkstaden til mai 2026.

Småbåtverkstaden har bidrege med ein del føredrag i løpet av året; «Båtsamlingane som kunnskapskjelde», «Å skriva praksisnært» på ein av fagdagane i HVM, føredraget «Båten som framkomstmiddel og kulturbærer» for Kystpilgrimsleia. I tillegg har det vore skrive to rapportar, ein om restaurering av ein Sunnfjordsbåt og ein om fiskereiskapar og anna inventar i eit naust i Gulen. I treårsprosjektet med dokumentasjon av naustmiljø og hardangerbåtar frå 1800-talet har det vore gjort feltarbeid både i Ullensvang, Ulvik og Granvin.

Småbåtverkstaden var òg med på råsegelseminaret på Stend. Ein av våre eigne båtar vart då rigga med råsegel

og teken med på seminaret. Peter Helland-Hansen sit framleis i det fylkeskommunale «Fagleg råd for handverk, design og produktutvikling» .

## SJ «Mathilde»

Det at me har hatt fleire ulike skipperar om bord har tilført ny kompetanse når det gjeld både segling, rigg og vedlikehald. I vinter har bestmannen hatt permisjon for å segla på ein båt i Tromsø, noko som òg vil bidra til auka kompetanse. Med tanke på at det manglar seglingskompetanse totalt sett på dei tradisjonelle seglfartøya har me teke opptakten til eit samarbeid med tre andre museum som òg eig seglfartøy. Siktemålet er å utvikla eit opplæringstilbod for å styrkja og sikra denne delen av den immaterielle kulturarven.

## Tekstil

Prosjektet med skautfelling har vore aktivt også gjennom 2023. I Hardanger er det ein tradisjon med koneskaut, altså eit hovudplagg for gifte kvinner. Skaut er ikkje så mykje i bruk som tidlegare. Å klargjera skautet og kle det på hovudet kallast å fella skautet. Kunnskapen om dette handverket er nesten borte, og HVM har eit mål om å halde tradisjonen levande.

Kursverksemda innan tekstile handverksteknikkar har vore stor i 2023. Me har i tillegg til skautedagen «Øv og prøv» i mars, hatt desse helgekursa: knipling med gulltråd, hardangersaum, smøyg/svartsaum og to bringklutkurs.

Formidlingsleiar ved Hardanger folkemuseum har òg hatt hardangersaumkurs med 9. klasse ved Hauso skule. Dette har gått over fire dagar. Agnete Sivertsen har i tillegg hatt kurs hjå eksterne aktørar knytt til tekstil.

## Bygningsvern og Herand sag

Bygningsvern er ein aukande aktivitet i HVM. I 2023 fekk Voss sin eigen bygningsvernkonsulent, med arbeidsstad ved Voss folkemuseum og tilsett i HVM. HFS vart godkjent som læreverksemd i tømrarfaget, og fekk sin første tømrarlærling. HFS hadde fleire oppdrag på freda bygningar. Me opplever at kompetansen på bygningsvern er stadig aukande.

Den freda vassdrivne oppgangssaga i Herand vert forvalta av HVM, avdeling HFS. Dette er ei sag som er i driftsmessig stand og som mellom anna vert nytta til å

produsera material til bygningsvern. Det immaterielle elementet ved saga er viktig, så drifta er ein del av den heilskaplege forvaltninga. I 2023 leverte me ein del material på bestilling, og tok også noko heim til eige lager.

## Fartøyvern

Ved utgangen av 2023 hadde Hardanger fartøyvernssenter seks lærlingar. Fem i trebåtbyggjarfaget (den eine er knytt til småbåtverkstaden) og ein lærling i tømrarfaget. Ein person har i tillegg vore tilsett som ufaglært med tanke på lærlingplass i reipslagerfaget, og me har skriva kontrakt på at ho held fram som lærling. Lærlingordninga er viktig både for å vidareføra kunnskap og for rekruttering. Det er òg ein viktig del av samfunnsoppdraget å bidra til at ungdom får fullføra utdanninga si i læreverksemd. I løpet av 2023 tok to lærlingar fagbrev i trebåtbyggjarfaget, og begge er no tilsette på avdelinga.

Samarbeidet med Vestland fylkeskommune om vidareutdanning av bygningsvernhandverkarar gjennom Teknisk Fagskule held fram. Saman med tilknytninga til NTNU gjev dette eit perspektiv og auka kompetanse på forvaltninga av immateriell kulturarv, vidareføring av handverkskompetanse og opplæring. I 2023 har me halde fram med å dokumentere ulike teknikkar knytt til riggar- og reipslagarfaget.

## Hardingfela.no

Nokre av dei større satsingane til hardingfela.no i 2023 var at me igjen sette deltakarrekord på UngOsa med born og unge. Me hadde 200 konsertar i juli månad i dei ulike museumstuna til Hardanger og Voss museum. Dei unge felemakarane i prosjektet «Morgondagens felemakarar» kjem stadig nærare målet om å ha bygd sine egne hardingfeler. Me har mange gode samarbeidspartar innan folkedans og forskingsarbeid kring Sørfjordspringaren.


Prosjektet er eigd av Hardanger og Voss museum og Ole Bull Akademiet og har to stillingar.

Styret til hardingfela.no består av:

- Rektor ved Ole Bull Akademiet, Jo Asgeir Lie
- Direktør ved Hardanger og Voss museum, Åsmund Kristiansen
- Styrar ved Hardanger Folkemuseum, Ingvild Hauso
- Formidlingsleiar ved Hardanger Folkemuseum, Agnete Sivertsen har også delteke på møta.



Under UngOsa konserten deltok 130 utøvarar på scena. Hardingfela.no hadde regien. Foto: Elisabeth Emmerhoff



UngOsa festivalen hadde nok ein gong deltakerrekord. Foto: Elisabeth Emmerhoff

Styret har hatt fem møte i 2023.

Rådet for hardingfela.no består av:

Hordaland folkemusikklag – Per Øyvind Tveiten

Sogn og Fjordane folkemusikklag – Knut David Hustveit

Hordaland ungdomslag – Øystein Rambjørg

Sogn og Fjordane ungdomslag – Olaf Skjerdal

Førdefestivalen – Sølvi Lien

Vestland fylkeskommune – Wenche Gausdal

Osafestivalen – Ida Dyrkorn Heierland

Ole Bull Akademiet – Jo Asgeir Lie

Hardanger og Voss museum – Åsmund Kristiansen

Rådet har ikkje hatt møte i 2023.

I tillegg er dagleg leiar med i gruppa for formidlingsleiarane i Hardanger og Voss museum som har møter annakvar veke. Dei to tilsette i hardingfela.no deltek på personalmøte på Ole Bull Akademiet og har jamlege oppdateringar saman med Hardanger folkemuseum.

## UngOsa

UngOsa vart i år arrangert for 8. gong under Osafestivalen, og det var igjen deltakarrekord med 96 unge utøvarar frå sju år og oppover på hardingfele, toradar, song og dans. I 2022 var det 72 deltakarar. Deltakarane i år kom frå Voss, Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Kvam, Bergen, Øygarden, Osterøy, Alver, Samnanger, Aurland, Sunnfjord, Sogndal, København og Asker. Det er hardingfela.no som står for planlegging og gjennomføring av UngOsa.

I år hadde me eit samarbeid med Bergen ungdomslag Ervingen (Bul Ervingen) som driv eit fordjupingsprogram i folkemusikk og folkedans i samarbeid med Bergen kulturskule, støtta av Dextra Musica. 20 av deltakarane og på årets UngOsa kom frå dette programmet. Desse 20 deltakarane hadde også 4 eigne lærarar, hyra inn av Bul Ervingen.

### Årets UngOsa-lærarar:

Toradar: Ole Gjerde, Amalie Kinsarvik Tvilde og Linda Skjerping

Song: Guttorm Rogdaberg og Lajla Storli

Hardingfele: Svein Laingen Kjerland, Ida Marie Rognsvåg, Marta Lindvik og Håkon Høgemo

Dans: Åsmund Nestås Øydvin og Silja Solvang med dansespel av Anita Solheim Bråvoll

Samspel: John Ole Morken

Lærarane på fordjupingsprogrammet var Åslaug Timenes Bell (hardingfele), Alexander Aga Røynstrand (hardingfele), Andreas Kollvangsnes (toradar), Gunn Inger Sture (dans)

Det var som vanleg ei særskild aktiv og kjekk helg med instruksjon, dans, ungdomstreff, sjokoladepålegg og mykje sosialt elles. Nytt av året var





Morgondagens felemakarar. Fem ungdommar frå Voss lagar si eige hardingfele. Foto: Rannveig Djønnne

også eit samarbeid med forfattar Ruth Lillegraven. Ho hadde skrive eit heilt nytt manus til UngOsa-førestillinga, ut frå idedugnadar med UngOsadeltakarar gjennom året. «Sjømonster på vandring» heitte eventyret og vart framført av forfattaren sjølv saman med UngOsadeltakarane Guro Bell Berge og Nils Tranøy. Dette vart ein fin raud tråd som batt i hop dei musikalske innslaga på avslutningskonserten for UngOsa i Voss idrettshall. Med deltakarar, instruktørar m.m. deltok 130 utøvarar på scena på konserten. Hardingfela.no hadde regien på konserten.

## Morgondagens felemakarar

I samarbeid med felemakarverkstaden ved Ole Bull Akademiet fekk ein i 2020 sett i gang prosjektet Morgondagens felemakarar. Fem ungdommar frå Voss hospiterer i felemakarverkstaden to timar i veka, og planen at dei skal dei ha laga si eiga hardingfele i løpet av tre år. Nokre halvferdige delar til felene er kjøpte inn frå felemakar Ole Gjerde. I 2023 synte dei unge felemakarane fram arbeidet sitt på Kulturminnedagen på Mølstertunet. Det var særst populært. Det går framover med felene, og arbeidet skal verta ferdig i 2024.

## Felefylgje – konsertar i museumstuna

Solokonsertane i museumstuna til Hardanger og Voss museum som hardingfela.no organiserer og finansierar

er eit populært og vellukka tiltak. Også i 2023 var det tre utøvarar som spela; Svein Laingen Kjerland (hardingfele) spela konsertar på Hardanger Folkemuseum, Agatunet og Skredhaugen, Siri Nordgård (toradar) spela konsertar på Mølstertunet, og Ingrid Standal Sørheim (toradar) spela konsertar på Hardanger Fartøyvernssenter og Storeteigen. I løpet av juli heldt dei tre utøvarane til saman 200 konsertar på kring 20 minutt. I 2023 såg me ein ei lita auke i publikumstalet for konsertane. I 2021 gjorde me ein ei endring på konsertane, der den fyrste av dei tre daglege konsertane på Voss var retta spesielt mot born. Dette vart ein suksess som Nordgård også heldt fram med også i 2022 og 2023. Ingrid Standal Sørheim, som spelte i Kvam, inviterte med seg gjestemusikarar og hadde eit allsidig opplegg.

## Sekretariat for Vestland fylkeskommune sine folkemusikk og folkedansstipend

Hardingfela.no var, før fylkessamanslåinga, sekretariat for folkemusikkstipenda til Hordaland fylkeskommune. Vestland fylke vidareførte ordninga, og Hardingfela.no er framleis sekretariat for nemnda som innstiller på stipendvinnarar. Stipendet på 60 000 kroner gjekk i år til Hans Martin Austestad.



## Instruksjonstenester til Voss kulturskule

Det var eit sterkt ynske om toradarundervisning i Granvin hausten 2022, men korkje i kulturskulen eller andre stader var det faste tilbod. Hardingfela.no drog difor i gang eit undervisningstilbod og elevtalet auka raskt til 16 born. Hausten 2023 tok Voss kulturskule inn toradar som eit tilbod og overtok elevane i Granvin, samt nokre av borna som spelar på Voss i regi av Voss ungdomslag. Toradarlæraren til Voss kulturskule er distriktsmusikar Ingrid Standal Sørheim. For å ha nok lærarressursar og sikra kontinuiteten frå oppstarten leiger Voss kulturskule inn Rannveig Djonne som lærar i 11,5 % stilling. Attåt undervisninga som skjer kvar veke har toradarelevane i Granvin i 2023 hatt heile 14 speleoppdrag, som Djonne har organisert og vore med på, samt samspeløtker kvar månad i regi av Hardanger spelemannslag. Pengane ein tener på denne utleiga av ressursar vert nytta til tiltak i hardingfela.no.

## Ulike tiltak innan danseopplæring

I regi av Ullensvang kulturskule har Den Kulturelle skulesekken(DKS)-tilbodet «Hardingdans» vorte gitt til elevar på mellomtrinnet i Ullensvang-skulane også i 2023. Hardingfela.no har samarbeidd med Ullensvang kulturskule for å skapa meirverdi ut frå dette gode tilbodet. Ein av aktivitetane knytt til tilbodet er lokale dansefestar etter skulebesøka. Hardingfela.no har samarbeidd med lokale lag, ressurspersonar og organisasjonar for å få til dette. Elevane som har delteke på DKS-tilbodet har vorte spesielt inviterte og fekk vidare invitera med seg fylgje til dansefest med mat og levande musikk. Dette er dansefestar der generasjonsmøte og samværsdans står sentralt, og målet er å setje fokus på danseglede. Vonleg vil det føra til at også fleire enn elevane får kjenna på denne danseglede, og at ein lokalt ynskjer å skipa til fleire dansefestar og tek dansen vidare i sosiale samkome i framtida. Samarbeidspartnarar i 2023 har vore Grimo bygdekvinnelag, Vikebygd og Aga Bygdekvinnelag, Ullensvang ungdomslag ved leikarringen på Lofthus, Kinsarvik bygdekvinnelag, Skare ungdomslag, Hardanger spelemannslag og Ullensvang kulturskule. Det vart arrangert fire dansefestar i vårsemester. Desse fann stad på Nå, i Skare, på Lofthus og på Hauso. Bortimot

200 personar har vore med på ein eller fleire av desse dansefestane.

Det var ein ambisjon om å arrangera nytt kurs for lærarar i skule og barnehage, lik det som vart arrangert førre år. Kommunen, ved leiar i Kulturskulen, sendte ut førespurnad om interesse til sine skulekontaktar. Kurset vart diverre ikkje gjennomført i haustsemesteret, slik som planlagt, grunna for få tilbakemeldingar om interesse for kurs på dei skisserte tidspunkta. Det er mogleg at ein må finna nye former for gjennomføring av eit slikt kurs. Det er i alle fall eit kurstilbod som tidlegare har vorte etterspurt og ynskja frå målgruppa. Ein har på tampen av året hatt dans med born og tilsette ved Utne barnehage, i samarbeid med tilsette ved Hardanger folkemuseum. Me ynskjer å fortsetja samarbeidet med blant anna denne barnehagen, for å utvikla opplegg til bruk i barnehagar.

Introduksjon til folkedans er eit prosjekt med danseklassen på Musikk, dans og drama ved Voss gymnas. Det er eit tre-vekers prosjekt i den obligatoriske danseundervisninga til fyrsteklassingane på lina, i samarbeid med den faste danselæraren deira. Elevane fekk ei kort innføring i dansehistorie parallelt med praktiske øvingar (knaggar å henga kunnskapen på). «Dans for ungdom» er eit samarbeid med Voss spelemannslag. Tidlegare år har ein også samarbeidd med Voss spelemannslag og Voss Ungdomslag om ulike dansetiltak for born og unge. Frå vinteren 2023 starta ein oppatt ny gruppe med dans for ungdom der ein fyrst freista med tre samlingar før vinterferien for å sjekka ut kor mange som vart med på desse. Det var stor suksess, og godt over 20 ungdomar deltok på danseøving. Me fortset arbeidet også etter vinterferien og det har vore mellom 30 og 40 ulike ungdomar innom tilbodet i løpet av vårsemesteret, der den jamne deltakinga frå gong til gong ligg på 10–25 deltakarar. Ungdomane har delteke på ulike oppdrag både på førespurnad frå andre og i samarbeid med hardingfela.no, som t.d. deltaking på 100-årsmarkeringa av fredinga av Mølstertunet, Voss folkemuseum. Der hadde dei framsyning og eigen «folkedans-stasjon» der frammøtte kunne få prøva seg på tak og vendingar frå springar og halling, og danseoppvising og felles dans for publikum under Kulturminnedagen på Hardanger Folkemuseum. I oktober deltok 16 av ungdomane i lagdans på Vestlandskappleiken i Bergen. Nokre av dansepara deltok også i pardansklassane, junior. Dans for ungdom



Frå ein stappfull Voss ungdomshall under Osafestivalen og UngOsa med dansande vaksne og born. Foto: Elisabeth Emmerhoff

har vore gratis å vera med på for ungdomane. Voss spelemannslag eig tilbodet og betalar instruktørane. Hardingfela.no har bidrege med eigeninnsats i form av deltakande ressursar på ein del av øvingane og ein del administrering og organisering av tilbodet. Bruk av dans i arbeid med born og unge ved Barne- og ungdomsarbeidarlina ved Os vidaregåande skule og SFO-tilbod med folkemusikk og folkedans er eit samarbeid med Os VGS, og kom i stand etter initiativ frå Os ungdomslag og Bjørnafjorden spelemannslag. Målet var å få rekruttera nye eller potensielle instruktørar. På sikt er målet å få til ein lokal leikarring, men også at barne- og ungdomsarbeidarar skal få auka kompetanse på folkedans og i større grad kunne ta i bruk dansen i sitt arbeid med born og unge. Til saman 15 elevar og éin lærar deltok i dette prosjektet. I Bjørnafjorden har ein også i samband til denne satsinga starta opp eit lokalt prosjekt med folkemusikk og folkedans i SFO-tida på Borgafjellet skule. Opplegget har vore frivillig for elevane som er på SFO, og det har vore innom rundt 30 ulike elevar. Kvar gruppe har vore på mellom 9 og 17 elevar og 1–2 tilsette kvar gong. Det er i samband med

dette prosjektet også initiert samarbeid med den lokale kulturskulen og ein ynskjer vidare å få til eit tilbod om hardingfele-undervisning, i tillegg til dans og song i SFO-tida, lik dei tidlegare modellane frå Granvin og Osterøy. Springartradisjon i Sørfjorden og Folkedanssalong på Nå er knytt til eit samarbeid med Norsk senter for folkemusikk og folkedans, som eit revitaliseringsprosjekt. Siri Mæland og Magne Velure er sentrale samarbeidspartnarar i dette prosjektet, saman med fleire av Norsk senter for folkemusikk og folkedans sine faste tilsette. Våren 2023 var hardingfela.no sin fagkonsulent på dans på samling med arbeidskollegaer i Trondheim. Delar av arbeidet har gjennom året blitt formidla i ulike samanhengar, blant anna på Folkedanssalong i Bygdahallen på Nå (i februar), og under arkivarrangement i regi av folkemusikkarkiva i Vestland, i tillegg til ein noko større presentasjon under Norsk senter for folkemusikk og folkedans sitt 50-jubileumsseminar i september. Arbeidet har i 2023 gått i rykk og napp, og ved utgangen av året stod noko arbeid att med ferdigstilling av ein artikkel mynta på publisering i fagleg tidsskrift. Arbeidet inneheld analyse

av ulikt materiale og nye intervju med ressurspersonar som er – og har vore – viktige bidragsytarar til at springaren har vore brukt og vidareført. Målet er at dette skal munna ut i ein meir populærvitskapleg og levande presentasjon, truleg i form av ei digital danseskildring med fleire lag med informasjon og materiale (tekst, lyd, video, bilete). Denne skal gjerast tilgjengeleg for alle. Elles er det verdt å nemna deltaking på møte og rådgjeving i samband med danseprosjekt i Ullensvang kommune gjennom lokal DKS. Her har ein òg vore delaktig i arbeidet med å arrangera lokale møteplassar for dans i samband til dette danseprosjektet.

Hardingfela.no var til stades på seminaret «Dans på musea» på Røros.

Under Vestlandskappleiken og 100-årsmarkeringa for FolkOrg i Bergen vart arbeidet med revitaliseringa av springartradisjon i Sørfjorden presentert på eit arkivseminar i samarbeid med folkemusikkarkiva i Vestland.

Elles har det vore møte med dagleg leiar og styremedlem i Sogn og Fjordane folkemusikklag i høve aktivitetar og tiltak ein kan hjelpa kvarandre med, og deltaking på nasjonalt samrådsmøte for folkedansen (eitt møte kvart halvår).

## Forsking, kunnskapsutvikling og rådgjeving

HVM skal forska og utvikla kunnskap med utgangspunkt i eigne samlingar og innan materielle og immaterielle fagfelt. Me skal forska på våre prioriterte tema i regional og nasjonal samanheng, i fylgje gjeldande planar for regionen og nasjonalt. Me skal driva forskingssamarbeid med eksterne FoU-miljø og dei nasjonale museumsnettverka. Som museum skal me formidla truverdig kunnskap og gje gode råd til brukarane våre.

Hardanger og Voss museum er eitt av tre museum i prosjektleiinga i det treårige utviklingsprosjektet «Forskningsinfrastruktur for musea i Vestland». I regi av dette prosjektet har det i løpet av 2023 vorte gjennomført to workshopar, to vekeslange skrivesamlingar for museumstilsette og fleire digitale møte for folk i musea med interesse for forsking. Det har vore god deltaking frå HVM i dei tiltaka som har vore arrangerte. Prosjektet har også delt ut stønad til utvikling av doktorgradsprosjekt og ferdigskriving av artiklar. Ut over dette har prosjektleiarane hatt møte med fylkeskommunen og Kultur- og likestillingsdepartementet med tanke på å skaffa finansiering slik at me sikrar infrastrukturen for forsking for framtida. Dei har også skrive ein kronikk om dei utfordrande vilkåra for forsking i museumssektoren.

Det har i 2023 blitt publisert to fagfelleverderte artiklar i HVM (éin av Sissel Lillebostad og éin av Heidi Richardson, ut over dette har det vorte publisert ei bok om segling med gaffelrigg (av Kasper Krogh Hansen, Morten Hesthammar og Sarah Sjøgreen) og fleire

populærvitskaplege artiklar i historielagspublikasjonar og i magasinet Fartøyvern. Ein tilsett har deltatt på det kompetansegejevande kurset «Muse 620» (15 studiepoeng i utvikling av forskingsprosjekt) i regi av Universitetet i Bergen.

I eit berekraftig samfunn må me produsera fleire materiale, produkt og opplevingar basere på god utnytting av våre naturgjevne og lokale kulturressursar. Dette var overordna tema i prosjektet som fekk namnet «Dreis». Det var initiert av HVM, men Vestlandsforskning søkte om midlar og vart formell prosjekteigar og FoU-prosjektleiar. Andre prosjektpartnerar var Kvam herad og Bioregion Institute.

I prosjektet vart det samla og systematisert data om tilgjengeleg biomateriale i Kvam, som kan nyttast i ulike former for handverksproduksjon. Særleg interessant var lokale fibermateriale, t.d. råull frå gamalnorsk spelsau, hestetagl, lin, lind og nesle. Me undersøkte korleis slike materiale kan inngå i produksjonen av naturfibertau ved HFS, og i nokon grad erstatte bruk av importert hamp. Målet for HFS er å auke produksjonen av tau ved reiparbana til HFS, tau som er like sterke og funksjonelle, men med lågare klimafotavtrykk enn det hampetaua har. Nokre andre tema var òg med i prosjektet, som designelement til «Kulturnaustet» og ein kultursti. Målet med «Dreis» er å auka berekraftig verdiskaping innan landbruk, varehandel, design, handverksproduksjon og det kulturbaserte reiselivet i Kvam.





Mange tok turen då Mølstertunet vart lyssett i samband med oppstart av prosjektet «Lys i gamle hus» på Voss. Foto: Kjell Herheim

## Formidling

Formidlingsarbeidet gjer fagkunnskapen og samlingane me forvaltar tilgjengelege for ei rekkje ulike målgrupper, både fysisk og digitalt. Formidlinga vert tilpassa målgruppa og formatet den vert presentert i, og vert gjort relevant for den ein formidlar til. Målet er å gje brukarane heilskaplege opplevingar, frå dei tek kontakt til dei går. Dei skal oppleva tilboda våre som velorganiserte, relevante, interessante og lærerike. «Formidlingskjeda» består av ei rekke ledd, frå utvikling av tilbod, kunnskapsinnsamling/-produksjon, innhenting av kunnskap om brukarane og ikkje-brukarane, vera i dialog med brukarane, produksjon av formidlingsopplegg, gjera tilbod kjent, avtala/booka/selja tilbod, gjennomføra og evaluera tilbod. Sjølv om ein ikkje kan venta at ein kan nå alle, skal ein jobba for å nå nye målgrupper, og tilboda skal vera tilgjengelege for alle. Formidling, forskning og forvaltning skal vera godt integrerte i kvarandre, og til berekraftmåla.

### Agatunet, Hardanger folkemuseum og Skredhaugen

Utstillinga «Bilete og bok» på Hardanger folkemuseum viste om lag 80 illustrasjonar frå sju bøker, alle av Ingunn van Etten. I tillegg viste ho bokomslag og illustrasjonar frå bøker og magasin. Nokre av illustrasjonane er

vist offentleg tidlegare, andre ikkje. Utstillinga var eit tverrsnitt av van Ettens produksjon av illustrasjonar, og eit portrett av ein illustratør frå debuten fram til i dag; ein kunstnar som let fantasien få vengjer og hjelper sjåaren til å flyga. Skuleelevar frå heile Hardanger fekk høve til å djupdukka i van Etten sitt univers gjennom eit pedagogisk opplegg der illustrasjonane vart sette i samheng med aktuelle historiske gjenstandar. Me har òg har jamt gjennom året hatt besøk av barnehagane som har opplegg saman med oss. I tillegg har me besøk av skulane der me har laga eigna opplegg på førespurnad.

Aktivitetar som har vorte gjennomførte her er baking av ulik tradisjonsbakst, støyping av ljøs, dansing, mellom anna. I formidlingsopplegga knytt til skule og barnehage er mange av dei tilsette med og bidreg med gjennomføringa av dei ulike opplegga.

På kulturminnedagen var det eit mylder av aktivitetar for både store og små! Nytt av året var bruktmarknad på loftet samt at inngangen til arrangementet var gratis. Det vart steikt pizza i eldhuset, krota, sett opp rebusløype gjennom tunet, det var ulike handverksaktivitetar, leik og laft, og andre aktivitetar for born. Det var sal av rykande ferske eplesmultringar, dropskoking og eplepressing. Nede på museet var det open kafé, og ein kunne sjå dei faste utstillingane. På huset var det og teikne- og måleverkstad. I gamleskolen var det barneframsyning,



I opplegget «Forma i tre» blir elevar på andre trinn invitert inn i småbåtverkstaden til Peter Helland-Hansen. Foto: Silje Ensby



Kulturminnedagen på Hardanger folkemuseum baud på fersk epleaft frå eplene i museumstunet og dropskoking. Foto: Hardanger folkemuseum



«Finn skotten», med Sarah-Jane Summers & Juhani Silvola.

Astrid Sudmann hadde med seg dansarar og det vart både oppvising og alle fekk prøve seg i dansen. Kulturminnedagen vart arrangert i samarbeid med Folgefonn Husflidslag, Grimo bygdekvinneleg og Hardingfela.no. Solgull 4H var også med.

Årets kunstutstilling i Agatunet var Ingeborg Stana, Astrid Nondal og Synneva Heradstveit – alle biletkunstnarar med opphav frå eller tilknytning til Hardanger. Overordna tema for utstillinga var landskap, og både trykk, olje og akvarell fann vegen til veggane i Ådnesstova i tunet. Me heldt fram plakautstillinga som synar fram kunstgruppa sitt arbeid sidan 1992. I år som i fjor hang ho på låvebrua i Asbjørnsløa. 11. juni opna me årets kulturskuleutstilling. Det er eit flott samarbeid der kunstfagelevar frå heile Ullensvang kommune arbeider gjennom skuleåret med å produsera ei utstilling. I år arbeida dei mykje tredimensjonalt, og årets ekskursjon og workshop gjekk derfor til Ingebrigt Vik-museet. I samband med opninga av denne utstillinga arrangerte me og konsert med elevar frå musikkfag i kulturskulen.

Me held òg fram samarbeidet med Aga barnehage, som årleg produserer ei utstilling som vert sett opp i Jakobsbua. Borna kjem på workshop med formidlingsleiar i Agatunet, og arbeider òg sjølvstendig i barnehagen. Prosjektarbeid i barnehagen og tema

for kunstutstillinga legg føringar på kva emne me veljar for utstillinga – i år vart det Vær – og veggane i stabburet vart fylte med fargerike regnbogar og skumle stormskyar. Utstillinga vart høgtideleg opna 11. juni. Før sesongopning arrangerte me eit podekurs i Agatunet, i samarbeid med Kvann – interesseorganisasjon for ivaretaking av plantemangfald. Kurset vart fullteikna.

I juni hadde me heile 6. klasse-trinnet frå Odda barneskule på undervisningsopplegga «Frå fiber til tråd», og «Gamle verkty». I samband me opplegga får elevane og omvising og historieforteljing. Opplegget «Gamle verkty» inneheld både presentasjon av verktøy og det ein produserer med dei, i tillegg til praktiske øvingar. «Frå fiber til tråd» er eit opplegg som gjev innføring i tekstilproduksjonen si historie, har utstilling og demonstrasjon av ulike reiskap og produkt og teknikkar, og praktiske øvingar med karding av saueull og spinning med handtein. Opplegget har vorte revidert med ekstra omsyn til berekraftsmåla, og inneheld no òg ein presentasjon av dagens tekstilproduksjon og korleis me kan verta meir ansvarlege forbrukarar av tekstil.

Mykje arbeid for formidlar har gått i det store samarbeidsprosjektet me har hatt med Skrivargarden på Hesthamar, Rettsløypa. Prosjektet har vore å lage ei fysisk løype som gjer nedslag på lokale plasser som har tilknytning til og ei plass i norsk retts historie i tillegg til å spela inn ein podcast, «Rettsløypepodcasten».





Granvin bygdemuseum har vore utan fast omvisar i år. Foto: Tine Kjosås

Hovudutstillinga på Skredhaugen var i år teikningar frå Lars O. Bleie si bok «Glimt frå ein barndom». Han vaks opp i ei anna tid, i ein kvardag prega av naturalhushold. Forteljingane i boka er personlege, samstundes som han teiknar opp eit samfunn i eit klyngetun, eit lokalsamfunn og eit Hardanger rett før, under og rett etter andre verdskrigen. Boka er nydeleg illustrert med teikningar laga av Michal Tóth.

## Granvin bygdemuseum

I år har ikkje tunet hatt fast omvisar, slik det har vore tidlegare. Dei siste åra har besøket vore så lite at det ikkje kunne forsvara tilsetjing av omvisar. I staden vart det eit «korps» av omvisarar som ein kunne ringa ved førespurnad om omvising. Venelaget har i staden satsa på ettermiddagskonsertar i tunet kvar torsdag i juli og første i august. Dette har synt seg svært vellukka med stort frammøte – berre på konsertane har det vore mellom 200–250 tilhøyrarar.

Sesongen starta med opning av «diktafonen/lyrikkofonen» 25. mai. Dette var eit samarbeidsprosjekt mellom Granvin bygdemuseum, kulturbanken/biblioteket og Jaunssen gjestgjevarstad. Det starta med at spelemannen Alexander Aga Røynstrand steikte pizza i Mosstova. Pizzaen vart servert i Løflotstova saman med nytrekt kaffi. Deretter heldt Røynstrand konsert i Holvensstova. Etter konserten gjekk forsamlinga opp til kulturbanken. Der las forfattaren Ruth Lillegraven dikt før kultursjef Trude Letnes offisielt opna lyrikkofonen. Alle vart så inviterte til is og kaffi på Jaunssen. Ein stad

mellom 40 og 50 var til stades under opninga.

Desse har halde konsertar ved Granvin bygdemuseum i år:

- Svein Laingen Kjerland, på hardingfele
- Ingrid Standal Sørheim på toradar
- Amalie Kinsarvik Tvilde, på einradar, toradar og treradar
- Knut Hamre på hardingfele
- Anders Mjelde på hardingfele
- Ranveig Djonne saman med G-belgane, på toradar
- Alexander Aga Røynstrand på hardingfele

Konsertane hadde svært mange tilhøyrarar – ved fleire høve måtte folk stå ute og høyra musikken gjennom dørøpninga. Mange av tilhøyrarane var gjester på Jaunssen, som var innom og fekk med seg fine kulturopplevingar. Granvin bygdemuseum sine vener hadde god omsetnad av både kaffi og vaflar. Den 14. juni hadde me vitjing av ein klasse frå Voss gymnas som fekk omvising i tunet. Laurdag 26. august vart det arrangert bygdedag ved Granvin bygdemuseum. Lag og organisasjonar i bygda stilte med ulike aktivitetar. Med godt vær vart dette ein fin dag med godt frammøte. Voss herad har ved fleire høve nytta Holvensstova som møtestad ved førebuing/planlegging av mellom anna den nye barnehagen som kjem i Øyane. Holvensstova har òg vore utleigd til private samkomer ved tre høve dette året. Naustet på Grandane: Her gjekk leigeavtalen med Hans Jakob Mæland (Jon Olav Folkedal) og Jan Stedje ut dette året og heradet ynskte ikkje å vidareføra denne. I staden er det no teikna ein ny avtale der Granvin barne og ungdomsskule får disponert naustet med Jan Stedje





Magisk førjulstemning då Mølstertunet vert lyssett i samband med oppstart av prosjektet «Lys i gamle hus». Foto: Kjell Herheim

og Jon Olav Folkedal som mentorar. I september har me delteke i tre møte om restaurering av hengebrua som går frå Røynstrand til Øyane. Denne er no stengd på grunn av manglande vedlikehald, og Eide grannalag med Runar Heggdal leiar dette arbeidet. Brua vart bygd i 1948 for å letta tilkomsten til Eide for dei som bur på Røynstrand. I dag er brua – i tillegg til å vera eit kulturminne – viktig som turveg i sentrum. Dette er éi av fire bruer som kryssar elva i sentrum.

## Voss folkemuseum

Me hadde fleire store arrangement. Den 6. juni var det 100 år sidan Mølstertunet vart freda. Me markerte dagen med eit seminar på dagtid, og med ope hus og aktivitetar på Mølstertunet utover ettermiddagen.

I september hadde me for fyrste gong på lenge ein open dag på Oppheim gamle prestegard. I 2020 fekk me ferdig eit hefte om tunet, skrive av Brita Tveite, tidlegare undervisningsleiar ved Voss folkemuseum. På grunn av pandemien vart sjølve lanseringa utsett, og det var kjekt at me no fekk høve til å invitera ho for å presentera heftet. Der var i tillegg kafé, musikk og omvisingar. Vêret var diverre ikkje det beste, slik at oppmøtet var noko lågare enn me hadde von om.

Me hadde ikkje joleverkstad dette året, men prøvde oss i staden med ein liten jolemarknad på Mølstertunet. Den 14. desember var det oppstartsmøte for prosjektet «Lys i gamle hus». Dette prosjektet er initiert av Fortidsminneforeininga, og Voss er den sjette kommunen

i landet som er med på prosjektet. Prosjektet betalte for at Mølstertunet var opplyst om kvelden, og me nytta høvet til å invitera folk til ein jolemarknad. Både besøket og stemninga var god, og sjølv om eit slikt tiltak er svært vêravhengig er det nok noko me prøver igjen ved eit seinare høve.

Grunnen til at me ikkje hadde joleverkstad var at festsalen var oppteken. Utstillinga «50 år med Vossa Jazz!» opna under festivalen, 31. mars, og den stod ut året. Utstillinga vart opna av stortingsrepresentant Nils Bjørke, og under festivalen var det to konsertar i utstillinga. Vossa Jazz vart skipa 19. desember 1973, og på femtiårsdagen var rundt 150 personar samla til pølsefest, sjølv sagt med musikk. I oktober og november fekk alle niandeklassane ved Voss Ungdomsskule omvising i utstillinga.

I vår hadde me to foredrag. Mikkel Tin snakka om korleis hestehovud og solrosettar har vore brukte som dekormotiv i folkekunst, medan Lars Marius Garshol snakka om den nye boka si, «Tradisjonsbrygging av øl». I juli hadde me også i år nokre ekstra attraksjonar på Mølstertunet. Kvar vekedag heldt Siri Nordgård tre korte toradar-konsertar, medan Voss bygdekvinneleg demonstrerte tradisjonsbaking kvar fredag. I november arrangerte me kurs-rekkja «Hjelp, eg eig eit gammalt hus». Kurset gjekk over fire kveldar. Bygningsvernkonsulent Tora Lie Brunborg var hovudansvarleg, og ho hadde med seg gode hjelparar kvar av dei fire kveldane. Kurset var svært godt besøkt.

## Kvam bygdemuseum, Storeteigen

Også denne sommaren var tunet ope kvar sundag i juli. Då kunne publikum besøka dei gamle stovene, sjå filmar om stølsdrift og oppleve pop-up konsertar med m.a. toradarspelar Ingrid S. Sørheim. Det vart også arrangert tradisjonell jonsokfeiring med bryllaup, leikar og hesjing. Gjennom året har det elles vore fleire kunstnaropphald ved Storeteigen. Dette viste særleg godt igjen i årets sommarutstilling i Kabuso; Janicke Schönning presenterte fleire motiv frå området kring tunet. Vidare vert uteområdet nytta av born og unge fleire gongar i veka gjennom heile året. Barnehageungane får jamleg leika og nytta seg av grindbygget. Dei fekk òg høve til å delta på Polardagar i regi av Bygdagnist. Sameleis nyttar også grunnskulen området til sine aktivitetar. Desse besøka vert ikkje registrerte. I 2023 var 464 personar registrerte som gjester, og me hadde 114 overnattingar av kunstnarar.

Øystese bondekvinnelag held liv i tradisjonen med baking av krotakaker i Vavollstova. Kulturskuletilbodet Nøringen deltok også på formidlingsopplegg saman med laget.

Øystese idrettslag arrangerte Hardanger halvmaraton med start og målgang på Storeteigen, med godt besøk av store og små på tunet.

Til sist vart årets jolefest halden inne i Vavollstova: Intim stemning med filmvisning og eplesaft-gløgg (frå eiga avling) i koppen, teikneaktivitetar og besøk av Torefjellsnissen.

## Hardanger fartøyvernssenter

Sommarsesongen har stort sett gått på same vis som dei siste åra med faste omvisingar ein gong om dagen, og dei same aktivitetstilboda som før, slik som leikebåtverkstad, roing i tradisjonsbåtar, reipslaging og aktivitetssløypa. I år vart den nye nasjonale handverksfestivalen («Handverksgildet») skipa til same helg som trebåtfestivalen, ein vellukka symbiose som det er gode grunnar til å halda fram med. Den andre store publikumshelga i sommar var veteranbilstemnet «Wings & Wheels» som trekte meir enn 3000 besøkjande i august.

Det siste året har me hatt ei målretta satsing på opplegg for barnehage og grunnskule. Det har vore ein del opplegg med den kulturelle skulesekken (DKS). I

opplegget «Forma i tre» blir elevar på andre trinn invitert inn i småbåtverkstaden og deltar på eit todelt opplegg. Der får dei laga seg kvar sin leikebåt i rått material og dei får bruka verktøy som bogesag, spikkekniv, biler (øksar), skrustikke og navar. Dei får òg læra om ulike typar segltypar som dei monterer på leikebåtane sine. Den andre delen av opplegget er å laga ein felles stilert færing der dei får bruka ulike høvlar og ulike biler i tillegg til strekvedkrok. Fokuset ligg på at elevane sjølve skal få bruka tradisjonelle handverktøy og gjera arbeidet sjølve.

I opplegget «Ut å ro» for elevar på sjetten trinn ser dei fyrst biletspelet «Då sjøen var vegen» med ein påfølgjande læresamtale. Deretter går dei ned til båtane og snakkar om kva delar båten er sett saman av og korleis han skal brukast. Så ror dei ut på fjorden der dei får læra seg songen «Ro, ro i færingen» med tekst av Svanhild Nesbø. Roturen går rundt Sandvenholmen og roturen gjev ofte gode samtalar mellom formidlar og elev.

Åttande trinn har opplegget «Tau i bruk» Då tek dei til på reiparbana der dei får læra om korleis tau vert laga og set utviklinga av tauet inn i ein historisk samanheng. Dei lagar seg eitt til to felles tau i fellesskap. Dei lærer seg å laga «apeneve», og dei har ein del tauaktivitetar. Ikkje alt var like vellukka og det kjem til å verta gjort nokre endringar i den siste delen av opplegget til neste år. Det har òg vore arbeid med eit nytt DKS-opplegg for fjerde trinn, kor elevane skal forska på plankton i fjorden. Dette DKS-opplegget er eit todelt opplegg, der den eine delen er praktisk med planktoninnsamling ute på fjorden, for så å studere planktona i mikroskop etterpå. Den andre delen er det Kabuso som står for, eit kunstformidlingsopplegg henta frå «Kunst i skolen», kalla planktonportrett.

Skulane i Kvam har brukt Hardanger fartøyvernssenter som arena for berekraftsveka i haust. Der har det vore elevar i verkstaden og laga ting av restematerial for å læra god ressursutnytting. Ein liten gjeng laga film med berekraft som tema, saman med Silje Ensbj. Me har òg eit godt samarbeid med Kvam kulturskule som brukar fartøyvernssenteret som arena for nokre av aktivitetane sine. Mellom anna er «Nøringen», kulturskulesatsinga for dei aller minste, hjå oss kvar onsdag. Dei har vore i leikebåtverkstaden, om bord på Tafjord og deltatt på eventyrstund om bord på Mathilde. I vår sette kulturskulen opp skodespelet «Sjøreisa» på reiparbana.



Kulturskulesatsinga «Nøringen» har hatt fast oppmøte på Hardanger fartøyvernssenter. Foto: Tine Kjosås



Elevar på sjetten trinn får ro på fjorden i DKS- opplegget «Ut å ro». Foto: Silje Ensby

Kvam vidaregåande skule har brukt fartøyvernssenteret som arena for lagbygging i byrjinga av skuleåret. Norheimsund friskule har vore på kurs i smia som del av eit kulturhistorisk undervisningsopplegg, der dei skulle læra om mellom anna gamle handverkstradisjonar.

Etter skuleopplegga har det vore sendt ut evalueringsskjema, og dei me har fått att viser at dei som har vore besøk er svært godt nøgde med opplegga og glad for dei tilboda me har.

I samarbeid med aktivitetsmøteplassen til Grannehjelpa i Kvam skipa me til åtte fisketurar på fjorden.

Me har arrangert fleire kurs i 2023. Eit flettekurs der deltakarane laga seg dørmatter og bordskonarar vart skipa til i februar. I pinsehelga var helgekurset «lær å segla tradisjonsbåt» fullteikna. I haustferien var det halde eit smikurs for ungdom over to dagar. Det vart òg halde eit kveldskurs, der deltakarane laga seg kvar sin krakk. I tillegg heldt Alexander Günter fire temakvelder med namnet «Hjelp, eg eit gammalt hus». Maritimt verktøyseminar med Peter Helland-Hansen som kursleiar hadde i år temaet «Trenaglar i båt, bygg og fartøy». Det var planlagt smikurs og åremakarkurs, men begge vart avlyste grunna for få påmelde. Me har elles hatt nokre arrangement for å dra inn folk utanom sesong, slik som til dømes open dag i påska og kurs i kranselaging før jul.

Formidlinga vår på sosiale medium når stadig nye høgder. I 2023 hadde me i alt 17,3 millionar visningar. Desse fordelte seg med 3,7 millionar visningar på Instagram, 7,8 millionar på Facebook og 5,8 millionar visningar på YouTube.

Det fortel likevel ikkje alt. Dersom me ser på kor mykje tid som er brukt på å sjå videoane frå Hardanger fartøyvernssenter, viser det at sjåarane har sett på Instagram- og Facebook-videoar i til saman 750 000 timar, medan dei har brukt 232 000 timar på å sjå videoar på YouTube. For å gjera det om til ein meir handterleg storleik – det svarar til 577 årsverk i arbeidslivet.

I løpet av 2023 produserte og publiserte Silje Ensby 30 korte videoar om handverk ved Hardanger fartøyvernssenter. Tema i filmene var mellom anna montering av spiler i livbåten til DS «Skibladner», produksjon av tjøra hampetau på reiperbana og driving av dekk på MS «Jøsenfjord». I tillegg fylgde ho produksjonen av to strandebarmarar frå kjølstrekk til smørjing. Som eit eige prosjekt har ho òg arbeidd med å finna nye metodar for å dokumentera handverksprosessar ved hjelp av film, noko som mellom anna har resultert i prosjekt som går inn i 2024/25. Tema som skal arbeidast med i dette utviklingsprosjektet er mellom anna esse-sveising i smia.

I samarbeidsprosjektet med museet i Villa do Conde i Portugal har me vore på besøk der. Museet er i ein prosess med å utvikla sin maritime profil. Målet med turen var todelt. Dels for å sjå korleis dei tenkjer og driv og dels for å fortelja om korleis me driv vår formidling.





Maritimt verktøy-seminar med årets tema «Trenaglar», der deltakarane laga kvar sitt naglesnitt. Foto: Silje Ensby

## Formidling, kurs og rådgjeving

Både konsulentar og fagarbeidarar har halde innlegg med ulike tema på ei rekkje seminar og arrangement i regi av private og offentlege verksemder i heile landet, frå Hammerfest i nord til Kristiansand i sør. Dette er i tråd med Riksantikvaren sine forventningar om at me skal møta behovet i fartøyvernet.

I 2023 er det som tidlegare år utført til dels omfattande dokumentasjons- og rådgjevingsarbeid knytt til fleire fartøy. Sjå liste over «Grunnlagdokumentasjon» lengre bak i årsmeldinga.

I mars arrangerte HFS årets Fjordabåtseminar, med tema «verna fartøy som formidlingsarena».

Jørgen B. Myhr heldt foredrag om vedlikehald av trebåtar under Hardanger trebåtfestival i juni. Sarah Sjøgreen og Seppe Lehembre gjorde holdt hvert sitt foredrag og reip og smidde beslag på Hvalerseminaret.

I september inviterte Riksantikvaren til fagleg seminar for fartøyvernkonsulentar som jobbar i fylkeskommunar og på dei tre nasjonale fartøyvernsetra. Samlinga var i Bodø med overnatting på «Gamle Salten». Håvard Gjerde og Elisabet Jansen heldt kvart sitt innlegg.

Hausten 2023 gjennomførte Alexander Günther fire temakvelder kring problemstillingar for eigarar av gamle hus. Kurset var gratis og hadde fokus på vedlikehald, tiltak og støtteordningar m.m.

Maritimt Verktøyseminar med tema «trenaglar» vart gjennomført i november.

I september arrangerte me eit fagutviklingsseminar på Norsk Maritimt Museum på Bygdøy i Oslo. Her deltok både personar innan fartøyvern og personar som samlar på informasjon om fartøy generelt.

Det årlege «Nordisk gaffelriggseminar» vart arrangert av Fartøyvernavdelinga i september saman med lokale krefter i Grimstad. Omkring 80 personar deltok på seminaret, med 10 fartøy og båtar.

I november heldt Norsk Forening for Fartøyvern sitt årlege kurs «Fartøyvernets ABC». Her var me sterkt representerte, og Thor Inge Haltvik og Frank Pedersen hadde fleire innlegg.

Bodø fylkeskommune hadde eit seminar om fartøyvern i desember. Georg Nilsen heldt innlegg. I desember heldt Morten Hesthammer foredrag om HFS og norsk fartøyvern på Beckholmen i Stockholm. På reiperbana har eit par danske handverkarar hospitert i til saman tre veker.

Sarah Sjøgreen har fått den nyrestaurerte Brunsviken reperbane i Kristiansund til å fungera. Her heldt ho kurs for enkelte av Nordmøre Museum sine folk, og ho vart filma av NRK med vising på TV.

I smia hadde me kurs både vår og haust, og desse viser seg å vera svært populære. Nytt av året var òg eit smikurs direkte rettet mot ungdom.

Til kurset «Lær å segle tradisjonsbåt» kom folk



Til venstre: Den gamle landhandelen Sjurabua på Hardanger folkemuseum er ein tidkapsel frå fortida. Foto: Ingvild Hauso.  
Til høgre er Opheim gamle prestegard. Foto: Eirik Helleve

langvegs frå for å delta. Dette viste seg å vera eit populært kurs også i år.

## Hardangerjakta «Mathilde»

Det store prosjektet på «Mathilde» fyrste del av dette året var å skifta ut framdriftsmaskineriet. Den gamle GM-motoren med blokk frå 1958 er skifta ut med ein ny Scaniamotor marinisert av Nogva. Dette har vore eit omfattande prosjekt, både å prosjektera og gjennomføra. Jan Fredrik Paulsen, tidlegare ingeniør ved Fjellstrand, har vore til stor hjelp.

Ikkje alt gjekk like glatt som vona var, og forseinkingane gjorde at me måtte avlyse det første leirskuletoktet. Heldigvis gjekk det slik at me fekk flytta det til ei ledig veke og slapp å skuffa elevar og lærarar. Ei anna investering som er verd å nemna er det nye storseglet i linduk, som vart levert og prøvesegla før fartøyet gjekk i opplag for vinteren. Dette er utført av handverksstipendiat Marius Borg.

«Mathilde» hadde ti leirskuletokt i 2023, seks før sommarferien og fire etter. I tillegg til leirskuletokta gjekk dei òg eit ungdomstokt, «Kysten Ung», i regi av Foreningen Kysten. Under trebåtfestivalen låg «Mathilde» i sentrum med formidling om bord. Det var ansiktsmåling og laging av «apenevar» (ein type knute), i tillegg til eit føredrag av forfattern Anders Totland. I haustferien var det i tillegg tre dagstokt som ledd i

prosjektet «ferieopplevingar på Mathilde», ein del av Ung Fritid i Kvam.

Det har vore lyst etter skipper til «Mathilde» i fleire omgangar. Me har òg hatt hjelp av rekrutteringsselskapet Hamnøy i von om å finna kvalifiserte kandidatar, men utan å lukkast. Det at me ikkje har nokon fast skippar har skaffa mykje ekstraarbeid og valda ein del hovudbry. Me har likevel fått avvikla alle planlagde tokt. I september tok Tone Solvang til i stillinga som fartøyansvarleg. Framover er det ho som har ansvaret for alt det administrative med drift og vedlikehald av dei fire fartøya museet eig, men med særleg vekt på «Mathilde».

## Marknadsføring og reiselivsutvikling

I byrjinga av mars vart det tilsett ein kommunikasjonsrådgjevar i Hardanger og Voss museum. Dette er ein nyoppretta stilling, og det er eit strategisk val for å løfte arbeidet med marknadsføring og kommunikasjon i heile museet. Rolla skal mellom anna byggje strategiske nettverk med reiselivsaktørar, turoperatørar og andre aktuelle samarbeidspartnarar innan fagområdet.

Det vart òg oppretta ei ressursgruppe for marknadsføring med representantar frå alle musea,



inkludert fleire avdelingsleiarar. Føremålet med ressursgruppa er å ta opp relevante og utvalde tema og koordinere marknadsaktivitetar på tvers. Arbeidet med den nye profilen vart ferdig på vårparten. Resultatet er eit solid og heilskapleg rammeverk for vidare arbeid med den grafiske profilen til musea. Implementeringa av den nye profilen skjer gradvis og etter kvart som materiell vert bytta ut. Alle nettsider har vorte prioritert og har fått oppdaterte logoar og fargar. I kundeundersøkinga vår er tilbakemeldingane at nettsidene er ein viktig informasjonskanal for besøkande – difor har nettsidene vore, og vil verte ein prioritet framover.

Marknadsarbeidet har elles basert seg på fjorårets marknadsplan og årshjul. Deltaking på NTW - Norwegian Travel Workshop, er noko me prioriteter og ser på som eit langsiktig marknadsføringsarbeid.

Med bakgrunn i dei fleire millionar visningane på Facebook og YouTube har Hardanger Fartøyvernssenter starta med å vise eksterne annonser mellom eigeproduserte videoar på Facebook og YouTube. Dette har gitt nokre ekstra kroner i kassa.

I samband med utgivinga av boka gaffelriggen vart det oppretta ein enkel nettbutikk på fartoyvern.no. Produkta til sals er primært bøker gjeven ut av HFS, men ein Strandebarmar båt er det òg råd å kjøpe der. Sjølv med liten marknadsføring av nettbutikken, har ein hatt stor auke i sal av bøker til inn- og utland.

Som ein prøveordning vart det på Voss folkemuseum laurdagsope. Tilbakemeldingane var positive og dette vil dei halde fram med. På turistinformasjonen på Voss vart det satt opp ein permanent miniatstelling med mål om å få fleire opp til museet. Det skal òg verte mogleg å kjøpe billetter i hos turistinformasjonen.

Gjennom Visit-selskapa har me annonsert i deira guidar som distribuert på fleire språk og breitt i regionen. Fleire av musea har òg hatt besøk av fleire journalistar, turoperatørar og einskilde besøkande som har vitja musea i samband med visningsturar. Desse besøka har resultert i fleire positive omtalar i internasjonale aviser – til dømes det anerkjende magasinet Forbes.

Fleire av avdelingsleiarane (Kabuso, HFS og Hardanger folkemuseum) søkte og fekk plass i november på prosjektet «FRAM Reiseliv Hardanger og Voss» programmet vert delfinansiert av Innovasjon Noreg. Prosjektet har som mål å utvikle reiselivsnæringa i regionen og har fleire samlingar over eit år. I tillegg til

rådgeving vil ein få fagleg påfyll og moglegheit til å arbeide med utviklingsprosjekt i eiga bedrift.

Tal frå SSB si Reiseundersøking i 2023 syner at feriereiser i Noreg no er tett på rekordåret 2021. Ser ein på Innovasjon Noreg sitt reisebarometer for våren 2023 er interessa for Noreg rekordhøg hjå dei som vurderer å reise til Noreg frå våre nærmarknader. Interessa for å oppleve kultur, knust og historie er òg stor.

Mykje tyder difor på at Noreg er eit populært reisemål. Likevel har prisstigninga større innverknad på folk sine reiseval. Den økonomiske situasjonen gjer at dei vel billigare reisemål og brukar mindre pengar på ferie. Med svak kronekurs og høge prisar vil ferien for mange verte dyrare, medan for utanlandske turistar vil Noreg vere «på sal».

## Besøkstal og publikumsutvikling

Totalt besøkstal i 2023 var ca. 58 000, ei auke på ca 700 frå året før. Hardanger folkemuseum har hatt ein auke på 16 % og Hardanger fartøyvernssenter ei auke på 10 % frå 2022. Kabuso og Ingebrigt Vik museum har òg fin auke i besøkstal. Dette er me særst nøgde med.

Agatunet har hatt ein nedgang på om lag 12 %, noko som truleg heng saman med redusert besøk på «Siderbåten». Besøkstalet ved Voss folkemuseum gjekk ned med 10 % jamført med 2022. For dei fleste besøkskategoriane var besøket om lag som før, men talet på gruppebesøkande gjekk ned med om lag 1450. At årsbesøket var mindre skuldast altså nedgang i gruppebesøk, og dette skuldast i hovudsak at talet på cruisebesøk var langt lågare i 2023.

HVM er medlem av Norsk publikumsutvikling og har gjennomført spørjeundersøking i 2023. Resultata vert grunnlag for vidare arbeid med forbetring av tilboda.





Til venstre: Ein installasjon frå utstillinga «Røynd og kjensle» av Rita Marhaug og Terese Longva. Foto: Bjarte Bjørkum.

Til høgre: Årets siste utstilling i Kabuso fekk tittelen «Handboren og veggfast», og hadde teikning som tema. Foto: Thor Brødreskift

## Kunsthuss

HVM og Kabuso engasjerer kunstnarar til å utvikle stadspesifikke utstillingar og musikarar til å framføre egne verk. Me tilbyr profesjonelle visningsvilkår for kunstnarane og publikum. Ungdomane og borna i regionen får både møte samtidskunst og vise og framføre sjølve på våre scener. HVM er slik del av ein eksisterande infrastruktur og eit aktivt kunstfelt i Vestland, og særleg då Kunsthuss Kabuso, Hardanger folkemuseum og Agatunet.

For at me skal nå ambisjonen om at Vestland skal vere eit leiande kulturfylke må me m.a. jobbe for strategien om at Vestland skal ha eit profesjonelt kulturliv på høgt nivå. HVM bidreg til at profesjonelle kulturarbeidarar og aktørar kan leve av yrket sitt, både i sentrale strøk og i mindre lokalsamfunn.

HVM legg vekt på høg kvalitet og aktualitet i kunstformidlinga. Me skal vera ein arena for alle typar kunstuttrykk og ein sentral aktør i regionen på dette feltet. Me skal bidra til auka kunnskap og interesse i regionen for kunst og kultur. Vilkåra for kunstproduksjon, vising/framføring og formidling av kunst i heile fylket må styrkast for at regionen skal ha eit berekraftig og levande kunstliv med komplette verdikjeder. Me meiner at HVM sitt arbeid med kunstfeltet har hatt ei god retning i 2023, og bidreg til

overordna målsetjingar og strategiar.

Kabuso har som mål å vera ein engasjert og tydeleg aktør som er godt forankra i regionen. Kabuso er jamleg vertskap for kulturskolen i Kvam med konsertar og utstillingar, der born og unge deltek både som aktørar og publikum. Senioruniversitetet tiltrur no Kabuso å husa arrangementa sine, og mellom anna Human-etisk forbund og lokal presse nyttar konsertsalen til sine arrangement. Innan det frivilljuge feltet har frivilligsentralen Grannehjelpa og Bygdapride bidratt til å utvida programmet vårt. I programmeringa legg me elles stor vekt på å invitera kunstnarar til å utvikla utstillingar for staden, og i 2023 vart fem utstillingar med i alt ti kunstnarar laga særskilt for Kabuso. Utanom desse har Kabuso i 2023 organisert 28 konsertar og 6 faglege publikumsarrangement. Bornas Kabuso gjennomførte 18 arrangement, inkludert kortfilmfestival, ein konsert og éi førestilling.

Å vera tilgjengeleg for alle, uavhengig av bakgrunn og økonomi er ei viktig målsetjing for Kabuso. I 2023 samarbeidde Kabuso med Ung Fritid Kvam med tilbod om gratis aktivitetar for born og unge. Ung Fritid er ferieaktivitetar for ungdom mellom 11 og 18 år. Aktivitetane går føre seg i skuleferiane. Born og fagfolk slepp elles alltid inn gratis. «Kabusoven» er



Kunstnaren Janicke Schönning arbeider ute under open himmel, gjennom alle årstider. Til utstillinga «Eg var her» i Kabuso har ho arbeidd med vatn og korleis væska set spor. Foto: Thor Brødreskift

eit årskort som gjev gratis inngang i utstillingane og rabatt på konsertbilletter. I 2023 fekk alle flyktningar som har kome til Kvam det siste året ein verdikupong på ulike opplevingar på huset. I tillegg er kvar første torsdag i månaden gratis for alle i utstillingane. Kabuso gjennomførte brettspel-kafé ein gong i veka gjennom våren i samarbeid med Grannehjelpa, eit prosjekt som hadde som formål å få folk i aktivitet og motverka einsemd.

Fagkompetansen vår strekkjer seg frå formidling, marknadsføring og digital kommunikasjon, teknikk innan lys og lyd til kuratering og kunsthistorie. Dei fast tilsette har delteke på fleire ulike fagrelaterte kurs innan desse felte i 2023: Nasjonalmuseets formidlingsseminar, Formidlingskonferansen Tillit til tingene, Making Sense: kunstbasert læring i nordiske kunstmuseer, Norsk Publikumsutvikling (NPU) si årlege konferanse, Kurs i universell utforming av sosiale medier, Grunnkurs i DigitaltMuseum, databaseprogrammet Primus, skrivesamling i regi av forskingsinfrastrukturprosjektet samt eigen fagdag. Målet er å utvikla og spissa fagkompetanse.

I 2023 publiserte leiar Sissel Lillebostad ein fagfelleverdert artikkel; «Kunstarbeid og fellesskap», ein tekst som undersøker mandat og fellesskap, med vekt på Kabuso som kunsthús.

Kabuso har i 2023 samarbeidd med Vestnorsk Jazzsenter og Vestlandsutstillingen og innleidd samarbeid med Kiosken Studio og Northing i Bergen.

Bornas Kabuso samarbeider med Kunsthúset Messen i Ålvik.

Fleire av dei tilsette har delteke på forskingsdagane i HVM med innlegg og presentasjonar. I samband med ny basisutstilling i Ingebrigt Vik museum, har ein tilsett nytta 2023 til å arbeida med ein ny formidlingstekst om kunstnarskapet til Vik. Teksten er venta ferdig for publisering i 2024.

Kunstnarar som har utvikla og gjennomført familieverkstadar for Bornas Kabuso: Sophie D'Henin (19.2./FR), Huang Chih Hua (19.3./TW), Yvette Lardinois (16.4./NL), korgmakar Hege Aasdal (14.5.) og Mina Arakaki (8.10./JP) i samarbeid med KH Messen. Marie Skeie (5.9.) og Xueting Yang (3.12.) organisert av Kabuso.

Det blei i 2023 utarbeida undervisningsopplegg for skule og barnehage til utstillingane «Røynd og kjensle», Vestlandsutstillingen 2023, «Eg var her» og «Handboren og veggfast». I tillegg til desse gjennomførte Kabuso dei faste opplegga knytt til Ingebrigt Vik museum og Skyspace. Til saman deltok 1088 barn og unge på desse i 2023.

I sommarsesongen vart det lagt til rette for teikning i Ingebrigt Vik museum og utstillinga Eg var her inkluderte ein postkortverkstad retta mot born i kaféområdet. Handboren og veggfast hadde tilbod om å lage egne bøker som del av utstillinga.

## Fartøyvern, restaurering

HVM skal i fylgje eigen strategi gje interesserte innan fartøyvern tenester og tilbod med høg etisk og fagleg standard, både handverksmessig og antikvarisk. Me skal sikra og føra vidare handverkskompetanse gjennom oppdragsprosjekt, dokumentasjon, forskning, opplæring av lærlingar, kurs og seminar. Me skal ha god dialog og godt samarbeid med fartøyeigarar, forvalting, organisasjonar i frivillig sektor, politikarar, leverandørar og andre aktørar innan fartøyvern. Me kan opptre som ein kommersiell aktør og kan ta oppdrag som ikkje har offentleg støtte. Me skal vera transparente, føreseielege, arbeida planretta og effektivt.

Hardanger fartøyvernssenter (HFS) skal vera ein nasjonalt leiande institusjon og premissleverandør på fartøyvernfeltet, utvikle kunnskap og levere tenester som er etterspurde, relevante og av høg kvalitet. Dette skal me oppnå m.a. gjennom gode prosjekt og høg aktivitet knytt til fagutvikling i fartøyvernet, som ein ettertrakta samarbeidspartner og tilbydar av handverkstenester.

I 2023 har me hatt 16 oppdrag av noko storleik innan fartøyvern og sju innan bygningsvern. Dei fleste oppdraga har me utført i tilknytning til anlegget i Norheimsund, men me har òg hatt oppdrag andre stader i landet, og i utlandet.

I Tromsø har me gjort ein jobb på det landsette museumsfartøyet «Polstjerna», og hatt diverse oppdrag

for galeas «Søblomsten» som er under restaurering på Vestnes i Møre og Romsdal. Den vesle lystbåten «Amy», som har vore under arbeid i fleire år, vart levert til eigaren i løpet av sommaren. Veteranredningsskøyta «Willie Wilhelmsen» kom heilt frå Hammerfest for å få gjort ein jobb hos oss. Eit spanande oppdrag utførte me hausten 2023, der eit arbeidslag vart sendt til Sandane i Gloppen for å flytte Holvikejekta. No står fartøyet høgare oppe på land enn nokonsinne. Eit lite arbeidslag avslutta 2023 på Åland, der me la nytt bakkdekk på den firmasta barken «Pommern».

Bygningsvernoppdrag har auka i omfang i 2023, og våre folk har utført arbeid på Moster -, Holdhus - og Frøya kyrkje dette året. Det største prosjektet har me gjort i Norheimsund på den gamle løa på Norheim. Enkeltdele i dette grindbygget er daterte til 1200-talet. I smia har me laga ein del beslag til galeas «Søblomsten», smidd verktøy til fagskulen og elles tent miljøa innanfor bygnings- og fartøyvern etter beste evne. Reiparbanen leverer jamt ein del tau til dei mindre båtane, og det er sjeldan det blir større leveransar til fartøy. I år er istandsetting av bygning, maskineri og utstyr på Brunsviken reiperbane i Kristiansund kome så langt at vår reipslagar har vore der og slått tau. Først ut var lik til «Mathilde» sitt nye segl. Deretter vart det produsert ein del tau for lager, noko som er heilt naudsynt.

## Samhandling

Samhandling er eit stort og viktig tema i kulturpolitikken. HVM har omfattande samhandling med mange aktørar. Dei seinare åra har vidareutdanning i bygningsvern blitt eit viktig felt, der undervisning skjer i på våre arenaer, men i regi av Fagskulen i Vestland og NTNU. Sterk lokal tilknytning og forankring på dei stadene HVM har sine formidlingsarenaer fordrar god samhandling med lokale aktørar, som t.d. skule. Her har me gode opplegg som vert mykje nytta av skulane. Samarbeid med frivillig sektor skjer på mange område, noko som ikkje blir mindre aktuelt i åra som kjem. Ulike område for samhandling er omtala fleire stader i årsmelding, i dette avsnittet vil me utdjupe eitt.

HVM har eit mål om å vera ein god og relevant ressurs

på feltet fruktdyrkingshistorie og moderne landbruk. På frukt-feltet er det gjort ein rekke tiltak, men me føler at me burde hatt meir ressursar til dette. Dei siste åra har HVM lagt ned ein del ressursar i eit forprosjektet kalla «Nasjonalt frukt- og sidersenter» (NFS). Det vart etablert våren 2021 av forsøksstasjonen NIBIO Ullensvang etter oppmoding frå sentralleiinga i NIBIO. Prosjektet er forankra i Temaplan Landbruk (2021–2024) i Vestland fylkeskommune. NIBIO, Siderklynga Hardanger, Hardangerrådet, Sparebankstiftinga Hardanger, Ullensvang kommune og andre har finansiert prosjektet, som i 2023 gjekk inn i ein mellomfase. Prosjektleiari har vore forskar Gunnhild Jåstad (NIBIO) og seinare konsulent Tom Rasmussen (TR consulting). Rådgjevar



Randi Bårtvedt frå HVM har deltatt i arbeidsgruppa frå starten av. Ho har hatt deloppdrag for prosjektet som særleg gjeld formidling, historieforteljing og ivaretaking av kulturarven knytt til frukt, sider og most. Arbeidet inneber å synleggjera behovet for formidling, samarbeid og vidare arbeid med fruktdyrkingshistorie i Noreg. Det er òg ei kartlegging av institusjonar som kan ha nytte av å samarbeida meir innan bransjen, kultur- og forskingsinstitusjonar med frukt som tema. Bårtvedt sitt mandat for mellomfasen i prosjektet var å vurdere grunnlaget for ei mogeleg etablering av eit fysisk frukt- og sidersenter i Vestland. Alle i gruppa har deltatt med eigeninnsats frå sine institusjonar i prosjektet og har involvert sine fagmiljø i møte og drøftingar.

Grunnlaget for å etablere eit fysisk informasjons- og formidlingscenter på Lofthus i tilknytning til det unike fagmiljøet og tradisjonane med fruktdyrking i Ullensvang og Hardanger frå 1200-talet blir i forprosjektet vurderte

til å vera gode. Norsk frukthistorie og frukthandel er det forska lite på her til lands samanlikna med i utlandet. Hardanger og Voss museum har styrka sitt arbeid med landbrukshistorie gjennom deltaking i prosjektet og deltaking i ei tverrfagleg arbeidsgruppe med fleire institusjonar og organisasjonar involvert. Museet har fått eit nettverk og kontaktpersonar som saman kan løfta feltet og skapa interesse hjå folk flest. Gjennom deltaking i prosjektet har me sett verdien av eit breitt samarbeid og særleg eit samarbeid med «fruktbransjen» framover. Det gir høve til kunnskapsløft og for samhandling i ein felles innsats for å syna kvalitet av norsk frukt og for auka forbruk gjennom historieforteljing og formidling til allmenta. Det er òg avdekt eit grunnlag for styrka samarbeidet med andre museum og formidlingsinstitusjonar i Noreg og internasjonalt om frukthistorie og gamle og nye sortar og frukta sitt levande kulturlandskap.

## Fornyng og organisasjon

I fylgje eigen strategi skal HVM vera ein attraktiv og robust arbeidsplass prega av tillit, rausheit og vilje til fornyng. Me skal vera ein fagleg sterk organisasjon. Me skal samarbeida med brukarane våre og leggja til rette for frivillig innsats. I 2023 har det vore god driv i fleire av ressursgruppene, som arbeider på tvers av linjeorganisasjonen. Dette har vore svært bra og gir gode resultat.

I 2023 vart eigarstiftinga til Hardanger fartøyvernssenter fusjonert med HVM. Initiativet kom frå eigarstiftinga sjølve for mange åra sidan, så det har vore ein lang prosess.

Samarbeidet med Ole Bull Akademiet om Hardingfela.no har vore bra i 2023. Det har vore regelmessige møte og framgang i sakene som har vore handsama. Dette er eit felt der HVM absolutt bidreg til fornyng og er i tett samhandling med lokalsamfunn.

Forvaltning av immateriell kulturarv er stadig i utvikling i HVM. Her må me stadig leggja nye steinar i byggverket, noko som òg krev fornyng og tilpassing av organisasjon. HVM er opne for at eit mangfald av menneske skal ha ein plass i arbeidslivet, og har til ein kvar tid nokon på praksisplass, arbeidstrening, avklaring e.l. Me har tilsette frå mange nasjonar.

## Samfunnsrolle

HVM skal vera synlege, profesjonelle og delta aktivt i samfunnsliv både som lagspelar og som samfunnskommentator. Me skal gje innsikt og forståing av samtida ved å visa dei lange historiske linene. Me skal styrkja samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar. HVM skriv kvart år fleire høyringsvar. Dette ser me på som viktig for å bidra til å utvikla rolla som

samfunnsaktør, og bidra til å påverka samfunn og politikk i god retning.

Me er medvitne om rolla musea har som opne og inkluderande møteplassar. På visse arrangement har me gratis inngang for å senka terskelen for å bruka oss. Me strekker oss langt for å ha opne møteplassar gjennom heile året.

# Lister

## HVM deltar i fylgjande nasjonale fagnettverk:

- Nasjonalt museumsnettverk for fiskerihistorie og kystkultur
- Nasjonalt museumsnettverk for tradisjonshandverk og bygningsvern
- Nasjonalt museumsnettverk for kunst, arkitektur og design
- Nasjonalt museumsnettverk for drakt og tekstil
- Nasjonalt museumsnettverk for musikk og musikkinstrument
- Fartøyvernensentrenes fellesråd
- Mellomalderklynga ved Universitetet i Bergen

## Andre nettverk/samarbeidspartar

Visit Hardangerfjord AS  
Destinasjon Voss AS  
Næringshagen i Hardanger  
Ullensvang næringsforum  
Næringshagen på Voss  
Norges husflidslag – styreverv  
Norsk kulturarv – styreverv  
Norsk publikumsutvikling  
Virke museums- og reiselivsnettverk

## Publikasjonar

### Artiklar:

Helleve, Eirik: «Ridande vossabryllup etter 1900», i Gamalt frå Voss, 55. årgang  
Helleve, Eirik: «Leiv Heggstad. Språkgranskar og skulemann», i Gamalt frå Voss, 55. årgang  
Herheim, Kjell: «Augneblinken», i Gamalt frå Voss, 55. årgang  
Gjennom heile året har Kjell Herheim kvar veke levert bilete og tekst til spalta «Fotografia fortel» i avisa Hordaland  
Richardson, Heidi: «Ferjereiser – ein del av kvardagen i Hardanger» Hardanger, 115. årgang  
Kristiansen, Åsmund: «Øktar-namn i Hardanger», i Hardanger, 115. årgang

### Fagfellevurderte artiklar:

Lillebostad, Sissel: «Kunstarbeid og fellesskap», publisert i Kunstsentrenes vekselstrøm, Museumsforlaget 2023.

Richardson, Heidi: Richardson, Heidi. «Kvardagens ferjereiser». Norsk museumstidsskrift 9.1-2 (2023), Universitetsforlaget 2023.

### I magasinet Fartøyvern:

I 19 år hadde Hardanger fartøyvernssenter eit eige tidsskrift som kom ut kvart år, «Fartøyvern». I 2023 er dette revitalisert i samarbeid med bladet «Dampskibsposten». I redaksjonen er det ein kombinasjon av frivillige og tilsette på fartøyvernssentra. Tre utgåver av tidsskriftet Fartøyvern er publisert i 2023, slik målet no er. Fleire av artiklane er skreve av våre medarbeidarar.

### Utgåve 01.2023:

Lars Arvid Oma: Leiarartikkel  
Morten Hesthammer: «Møt vår nye redaktør»  
Lars Arvid Oma: Portrett: «Laila brenner for D/S Børøysund»  
Lars Arvid Oma: «Viktig støtte til rekruttering»  
Elisabet Jansen: «Teknisk historisk dokumentasjonsrapport»  
Håvard Gjerde: «Hammeraa og Søblomsten – meisteren og galeasen»  
Geir Madsen: «Hardanger trebåtfestival i Norheimsund bygger på tradisjonar»

### Utgåve 02.2023:

Åsmund Kristiansen: Leiarartikkel  
Morten Hesthammer: Portrett: «Fra fiskarbonden til fartøyverner»  
Heidi Richardson: «Om å rekke ferja»  
Lars Arvid Oma: «Ny livbåt til Skibladner»  
Håvard Gjerde: «Selsviks underbare undervandssparkel»

### Utgåve 03.2023:

Lars Arvid Oma: Portrett: «Sivilingeniøren som vart båtbyggjar»  
Morten Hesthammer: «På tide å ta et annet grep?»  
Heidi Richardson: «Fjordabåtar og ferjer – nyvinningar som endra tilværet til bygdefolk?»

Lars Arvid Oma: «Viktig kulturminnepris til dei nasjonale fartøyvernssentra»  
Morten Hesthammer: «Det du bør vite om treskruer»  
Morten Hesthammer: «Holvikejekta flyttet»  
Morten Hesthammer: «Nyttig om manøvrering på Nordisk gaffelriggseminar»

### Artiklar på nettstaden fartoyvern.com:

Morten Hesthammer: Innredning for mannskapet D/S Stord 1  
Seppe Lehembre: Smiing av jomfrubeslag til «Søblomsten»  
Morten Hesthammer: Ny mastetopp for «Polstjerna»  
Morten Hesthammer: Vi legger dekk i øst og vest  
Morten Hesthammer: Plankeløp på «Pommern»  
Thor Inge Haltvik: «Pommern»s dekk ferdig lagt  
Emilie Hansen Weydahl: Dekkslegging på «Gamle Salten»

### Årbøker

Årboka Gamalt frå Voss er eit samarbeid mellom Voss Bygdeboknemnd, Voss folkemuseum og Voss sogelag. Boka kom ut for 55. gong, var på 240 sider, og hadde 24 artiklar. Eirik Helleve var redaktør, medan Kjell Herheim var biletredaktør.

### Bøker

Kasper Krogh Hansen, Sara Sjøgreen & Morten Hesthammer: Gaffelriggen: seiling og håndtering. Hardanger og Voss museum.

## Grunnlagsdokumentasjon utført av Hardanger fartøyvernssenter

01-23	MS Rogaland, oppbygging av skilleskott	Undersøking	Morten Hesthammer
02-23	MB Tafjord -Restaureringsplan, versjon 2	Restaureringsplan	Håvard Gjerde
03-23	M/S Eitrheim LJKP, Med fokus på perioden 1956-82	THD	Elisabet Janssen
04-23	Hitra	Synfaringsrapport	Frank Pedersen
05-23	D/S Stord 1 Rapport fra tilbakeføringa. Innredning under dekk.	Restaureringsrapport	Morten Hesthammer
06-23	D/F Ammonia, Forundersøkelse av såler for dampspill og pullerter	Undersøking	Morten Hesthammer
07-23	Tilstandsvurdering M/S Torvastad	Tilstandsvurdering	Morten Hesthammer og Elisabet Janssen
08-23	Fredrikshald 1 Restaureringsplan	Restaureringsplan	Håvard Gjerde
09-23	KNM Alta	Tilstandsvurdering	Frank Pedersen
10-23		Restaureringsrapport	Morten Hesthammer
11-23	M/K Andholmen, Overbygg	Teknisk-historisk dok.	Håvard Gjerde
12-23	M/K Sjøgutt	Restaureringsrapport	Frank Pedersen
13-23	«AMY VII»	Restaureringsrapport	Thor Inge Haltvik
14-23	R/S 49 Willie Wilhelmsen, skrogarbeider	Restaureringsrapport	Morten Hesthammer
15-23	Vevet seisingstropp	Handverksdokumentasjon	Sarah Sjøgreen
16-23	Dreining av jomfruer	Handverksdokumentasjon	Sarah Sjøgreen
17-23	Restaureringsplan «Gamle Salten»	Restaureringsplan	Frank Pedersen
18-23	MS Epos	Teknisk-historisk dok.	Åsmund Drivenes Sæbø
19-23	Jakt Urda	Teknisk-historisk dok.	Elisabet Janssen
20-23	Enigheten	Tilstandsvurdering	Kasper Krogh Hansen
21-23	MK Barodd, perioden 1952-56	Teknisk-historisk dok.	Elisabet Janssen
22-23	Skonnerten Svanen, befaring av hekken	Tilstandsvurdering	Morten Hesthammer
23-23	M/S Polstjerna, arbeide med riggen	Restaureringsrapport	Morten Hesthammer
24-23	L/S Songvaar	Tilstandsvurdering	Morten Hesthammer
25-23	KNM Alta	Tilstandsvurdering	Frank Pedersen
	Ammonia	Tilstandsvurdering	Frank Pedersen



## Konsertar og arrangement i Agatunet

- 11. mars: Kurs: Poding
- 13. mai: Sesongopning
- 13. mai: Konsert: Øyonn Groven Myhren
- 13. mai–27. jun: Utstilling: Kunstutstilling – Ingeborg Stana, Astrid Nondal og Synneva Heradstveit
- 27. mai: Besøk av riksantikvaren
- 11. juni: Utstilling: Opning kunstskuleutstillinga
- 22. juni: Utstilling: Barnehageutstillinga «Vêr»
- 23. juni–18. august: Krotakakebaking i tunet v/ Aga og Vikebygd bygdekvinneleg
- 2. september: Konsert: Hardanger musikkfest. Kallestad og Oftestad
- 2. desember: Adventskafé

### Arrangement i regi av venelaget:

- 5. juli: Onnedag med krotakakebaking, hesjing og lauing
- 12. juli: Sogna om Ullensvang fruktlager i ord, tonar og bilete
- 9. august: Fruktfagleg påfyll for amatørar og proffar
- 16. august: Leikedag – songleikar og tradisjonsleikar
- 23. august: Lyden av Hardanger ved Opedal skule

## Konsertar og arrangement på Hardanger folkemuseum

- 22. mai 2022–5.3.2023: Utstilling: Opplut og belte
- 3. februar: Konsert og dans: Alexander Aga Røynstrand og Geir Marius Thorud
- 12. februar: Karnevalskonsert med kulturskulen
- 17.–19. februar: Helgekurs: Knipling med gulltråd
- 24.–26. februar: Helgekurs: Bringklut
- 5. mars: Foredrag: Opplut og belte med Kristin Guldbrandsen og Mikkel Tin
- Heile mars: Kurs kvar tysdag: Restaurering av vindaug – få skikk på vindauga dine
- 19. mars: Konsert: Berit Opheim og Sigbjørn Apeland – Velsigna er dagen
- 20. mars: Kurs: Skautedag – Øv og prøv!
- 7. mai: Konsert sesongopning: KimRysstad
- 7. mai–6. oktober: Utstilling: Ingunn van Etten – Bilete og Bok
- 10. juni: Diktardagen i samarbeid med Haugesenteret

- Diktar: Gro Dahle Konsert: Herrene i haven
- 18. juni: Konsert: Annlaug Børsheim, Knut Hamre, Benedicte Maurseth og Lajla Buer Storli – Slåttar frå Kvam, Ulvik, Eidfjord og Ullensvang
- 4. juli–8. august: Krotakakebaking i tunet på tysdagar
- 5.–28. juli: Minihardingfelekonsertar onsdag, torsdag og fredag med Svein Laingen Kjerland.
- 6. juli: Konsert: Popupkonsert med Seattle Lilla Spelmannslag
- 25. august: Konsert: Annlaug Børsheim og Rannveig Djøne – Skyer av perlemor
- 10. september: Arrangement: Kulturminnedagen 2023 i samarbeid med 4H og bygdekvinneleg
- 15.–17. september: Kurs: Hardangersaum
- 29. september–1. oktober: Kurs: Bringklut
- 7.–8. oktober: Kurs: Smøyg og svartsaum
- 8. oktober: Konsert: Duo Spindel – Sigrid Moldestad og Liv Merete Kroken
- 22. oktober: Arrangement: Familiesundag med konsert – Ruth Lillegraven og Annlaug Børsheim
- 30. oktober: Konsert: Durspelkonsert – Silje Storheim Amalie Tvilde og Anita Bråvoll
- 5. november 2023–21. januar 2024: Utstilling: Hovudplagg og hårmote i folkedrakt og bunadbruk
- 8. desember: Konsert: Frank Rolland, Sigbjørn Apeland og Marit Karlberg – Julegjest

## Konsertar og arrangement på Skredhaugen

- 25. juni–23. august: Utstilling: Lars O. Bleie Glimt frå ein barndom
- 25. juni: Konsert i høve sesongopning – Prikken over i-en

## Utstillingar Kabuso

- 28.1.–23.4 2023 Røynd og kjensle, Rita Marhaug og Terese Longva
- Marhaug og Longva synleggjer komplekse spørsmål kring ressurshandsaming og kva konsekvensar menneska si forvaltning av naturressursar kan ha på lokalsamfunn og naturen sitt kretsloop. Dei oppsøker område langs kysten som er utsett for aktuelle politiske dragkampar og som dei samstundes har ein personleg relasjon til – Haramsøya på Sunnmøre og Vestvågøy i Lofoten.

**28.1.–23.4 2023 Veggjar som kviskrar.** Av Helene, Anne Lise Stenseth

Prosjektet Av Helene (2017–2023) tek med fleire filmatiske arbeid og publikasjonar utgangspunkt i levetid, livsverk, omstende og opplysningar om den austerriske filosofen og forfattarinna Helene von Druskowitz (1856–1918). Veggjar som kviskrar er ein film der ei kvinne, spela av Arnhild Litleré, prøver å orientere seg og finne meining med tilvære. Filma på Storeteigen.

**13.5.–11.6 2023 Vestlandsutstillingen 2023, kurator: Heidi Rødstøl**

**1.7.–17.9 2023 Eg var her, Janicke Schönning**

I arbeidet med utstillinga har Schönning vitja Hardanger fleire gonger. Med tusj og gouache på papir utforskar ho naturen i eit stort spenn av uttrykk, frå observasjonar, abstraksjonar og avtrykk gjennom alle årstider. Gratis verkstad i samband med utstillinga.

**7.10.–30.12 2023 Handboren og veggfast, Per Dybvig, Susanna Kajermo, Kristen Keegan, Imi Maufe, Tord Torpe, Xueting Yang**

I denne utstillinga henta Kabuso fram omgrep som merksemd, samspel og betraktning, sett gjennom prismet til analoge medium som kunstnarbøker, spel, animasjonsfilmar, teikneseriar og veggteikningar. Det var verkstad i utstillinga og tre workshop med kunstnarar i perioden.

**7.10.–26.11 2023 Hvileåret: hvile, vekst og aktivisme, Amber Ablett**

Prosjektet er eit fleirårig, deltakande og kunstnarleg forskingsprosjekt som sett søkelys på kvile innanfor aktivisme, frigjering og sosialt rettferdsarbeid. Det blei opphavelig utvikla for Storeteigen i Øystese som ein stad for fellesskap, etterforskning og kvile. Kulturskolen viste elevarbeid i foajeen i desember.

## Konsertar og arrangement i Kabuso og Kvam bygdemuseum Storeteigen

28. januar	Marthe Valle
10. februar	Mats Eilertsen trio
18. februar	Kakaokonsert
5. mars	Time Is A Blind Guide
9. mars	Ingebjørg Bratland
11. mars	Påskemåne Ønskesol (Bornas Kabuso)
18. mars	Inger Nordvik
26. mars	Økland/Apeland

16. april	Kira Martini
22. april	Kakaokonsert
23. april	Wako
6. mai	Eriksen/Myhr/Malmström
14. mai	Erlend Viken trio
11. juni	Thomas Dybdahl solo
10. september	Tres Musicos (Bornas Kabuso)
16. september	Marthe Lea band / Ayumi Tanaka trio
22.–23. september	Kristin Bolstad i Hardanger Skyspace, morgon og kveld
23. september	Erik Lukashaugen
4. oktober	Sigvart Dagsland
20. oktober	Andy Sheppard og Espen Eriksen trio
21. oktober	Greg Niemczuk
28. oktober	Kakaokonsert
28. oktober	Tønes duo
2. november	Best Western Swing
12. november	Christian Wallumrød emsemble
16. november	Gabriels Novgorod
18. november	Emsemble Eon
16. desember	Kakaokonsert

## Faglege arrangement:

31. august	Kunstbar med føredrag
22. september	Drink & Draw
27. oktober	Drink & Draw
24. november	Kunstbar med verkstad
3. desember	Kunstbar med verkstad
8. desember	Kunstbar med verkstad

## Andre arrangement:

9. august	Animasjonsverkstad Ung fritid
11. august	Bygdaskøy
8.–9. september	Bygdapride

## Kvam bygdemuseum Storeteigen, arrangement:

9. mai	Nøringen
23. juni	Jonsokfeiring
12. august	Halvmaraton
15. desember	Jolafest





Mange møtte opp på opning av utstillinga «50 år med Vossa Jazz!». Foto: Kjell Herheim



Mathilde på test-tokt med nytt segl ein regnfull haustdag. Foto: Silje Ensby



# Resultatrekneskap

<i>Beløp i tusen norske kroner</i>	Note	2023	2022
<b>Driftsinntekter</b>			
Salgsinntekter		27 773	21 088
Tilskot og gåver	1	49 098	47 034
Sum driftsinntekter		76 871	68 122
<b>Driftskostnader</b>			
Varekostnader		6 324	4 386
Personalkostnader	2	44 491	41 167
Av- og nedskrivninger	3	1 777	1 433
Andre driftskostnader	4	24 003	22 173
Sum driftskostnader		76 594	69 159
Driftsresultat		277	-1 037
<b>Finansposter</b>			
Andre finansinntekter		561	360
Andre finanskostnader		259	190
Resultat av finansposter		303	170
Årsresultat		580	-867
<b>Disponering av årsresultat</b>			
Til/frå anna eigenkapital		- 580	867
Sum disponering		- 580	867

# Balanse

<i>Beløp i tusen norske kroner</i>	Note	31.12.2023	31.12.2022
<b>Eigendelar</b>			
Immaterielle eigendelar			
Lisensar, kjøpt		73	94
Sum immaterielle eigendelar		73	94
<b>Anleggsmidler</b>			
Eigedom		25 693	21 197
Inventar, maskiner og utstyr		1 840	1 446
Transportmidlar		554	123
Ikkje avskrivbare anleggsmidler		3 875	3 875
Sum varige anleggsmidler	3	31 961	26 641
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Eigenkapitalinnskott pensjon	5	1 861	1 685
Sum anleggsmidler		33 822	28 326
<b>Omløpsmidlar</b>			
Varer	6	5 475	5 131
Kundefordringar	7	5 519	4 724
Andre fordringar	7	6 140	6 034
Aksjar		19	
Bankinnskott, kontantar og liknande	8	41 425	12 740
Sum omløpsmidlar		58 578	28 629
Sum eigendelar		92 474	57 049
<b>Gjeld og eigenkapital</b>			
Eigenkapital			
Innskutt eigenkapital			
Grunnkapital		479	279
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Anna eigenkapital		17 083	14 804
Sum eigenkapital	9	17 562	15 082

### Langsiktig forplikting

Pensjonsforplikting	5	17 381	19 482
Uopptent investeringstilskot		1 243	1 609
Sum langsiktig forplikting		18 624	21 091

### Langsiktig gjeld

Lån i bank	7,10	3 562	3 879
Sum langsiktig gjeld		3 562	3 879

### Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld		4 453	3 771
Skuldige offentlege avgifter		3 339	1 933
Skuldige feriepengar		3 973	3 455
Forskotsbetalingar	11	40 493	7 332
